

Møteinnkalling

Styret i Helse Møre og Romsdal HF

Møtestad: Ålesund - Storhornet

Dato: 17.12.2025

Tidspunkt: 10.00 - 16.00

Eventuelt forfall må meldast snarast til Jim Leander Hansen.

Vararepresentantane møter etter nærare beskjed.

Jim Leander Hansen

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskreve signatur

SAKLISTE

Sak nr.	Tittel
109/25	Godkjenning av innkalling og sakliste
110/25	Godkjenning av protokoll frå styremøtet 20.11.25
111/25	Orientering frå administrerande direktør
112/25	Statusrapport - Fag, økonomi og HR november 2025
113/25	Status AIO - akutt, intensiv og operasjon ved Ålesund sjukehus
114/25	Budsjett 2026 HMR
115/25	Gjennomgang styrande dokument
116/25	Referatsaker

109/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Arkivreferanse: 2025/10045
Ansvarleg direktør: Olav Lødemel
Saksbehandlar: Jim Leander Hansen

SAKSFRAMLEGG

Saksnummer	Møtedato	Utval
110/25	17.12.2025	Styret i Helse Møre og Romsdal HF

Godkjenning av protokoll frå styremøtet 20.11.25

Vedlegg

- 1 Sak 110-25 - vedlegg 1 - Signert Protokoll fra styremøtet i Helse Møre og Romsdal 20.11.25

Forslag til vedtak:

Styret i Helse Møre og Romsdal godkjenner protokollen frå styremøtet 20.11.2025.

Ålesund, 10.12.2025

Olav Lødemel
adm. direktør

Protokoll fra styremøtet i Helse Møre og Romsdal 20.11.2025

Dokumentet er signert digitalt av følgende undertegnere:

- GERD MARIT LANGØY, signert 25.11.2025 med ID-Porten: BankID
- LEON JARLE AURDAL, signert 25.11.2025 med ID-Porten: BankID
- TORGEIR SAND AAS, signert 25.11.2025 med ID-Porten: BankID
- HERLOF NILSSEN, signert 25.11.2025 med ID-Porten: BankID
- ANETTE LEKVE, signert 25.11.2025 med ID-Porten: BankID
- ROGER MAGNE OSEN, signert 25.11.2025 med ID-Porten: BankID
- SUNNIVA JANSBOTTER NYDAHL ROGNERUD, signert 25.11.2025 med ID-Porten: BankID
- KARI-ANNE FORSMO THYGESEN, signert 26.11.2025 med ID-Porten: BankID



Det signerte dokumentet innholder

- En forside med informasjon om signaturene
- Alle originaldokumenter med signaturer på hver side
- Digitale signaturer



Dokumentet er forseglet av Posten Norge

Signeringen er gjort med digital signering levert av Posten Norge AS. Posten garanterer for autenticiteten og forseglingen av dette dokumentet.



Slik ser du at signaturene er gyldig

Hvis du åpner dette dokumentet i Adobe Reader, skal det stå øverst at dokumentet er sertifisert av Posten Norge AS. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke er endret etter signering.

Styret i Helse Møre og Romsdal HF

Møtestad: Ålesund - Storhornet

Dato: 20.11.2025

Tidspunkt: 10:00 - 16:00

Til stades:

Herlof Nilssen

Gerd Marit Langøy

Leon Jarle Aurdal

Roger Osen

Sunniva Jansdotter Nydahl Rognerud

Anette Lekve

Torgeir Sand Aas

Kari-Anne Thygesen

Styrelseleiar

Nestleiar

Medlem eigaroppnemd

Medlem eigaroppnemd

Medlem eigaroppnemd

Frå brukarutvalet møte:

Paula Næss Skår

Leiar i brukarutvalet

Brit Harsem

Medlem i brukarutvalet

Frå administrasjonen møte:

Olav Lødemel

Adm dir

Jim Leander Hansen

Utvallssekretær

Merknad i møte:

Tore Schytte hadde meldt forfall. Kari-Anne Thygesen, 1. varamedlem tilsettrepresentant deltok. Føretaksleiinga i HMR deltok fysisk i møterommet.

Dokumentet er signert digitalt av:

- GERD MARIT LANGØY, 25.11.2025
- LEON JARLE AURDAL, 25.11.2025
- TORGEIR SAND AAS, 25.11.2025
- HERLOF NILSSEN, 25.11.2025
- ANETTE LEKVE, 25.11.2025
- ROGER MAGNE OSEN, 25.11.2025
- SUNNIVA JANSBOTTER NYDAHL ROGNERUD, 25.11.2025
- KARI-ANNE FORSMO THYGESSEN, 26.11.2025

Forseglet av



Posten Norge

SAKLISTE

Sak nr.	Tittel
95/25	Godkjenning av innkalling og sakliste
96/25	Godkjenning av protokoll frå styremøtet 22.10.2025
97/25	Orientering frå administrerende direktør
98/25	Status AIO - akutt, intensiv og operasjon ved Ålesund sjukehus
99/25	Statusrapport – Fag, økonomi og HR - oktober 2025
100/25	Orientering om forslag til inntektsfordeling 2026
101/25	Oppnemning av Brukarutval HMR for 2026-2027
102/25	Program brukarvenlegheit Helseplattformen
103/25	Status ventetidsløftet HMR
104/25	Medisinskteknisk utstyr – investeringar i ØLP-perioden
105/25	Bygningsmessige investeringar - status og behov HMR
106/25	Referatsaker
107/25	Innspill til årlig vurdering av plan 2025-2026 for Internrevisjonen i Helse Midt-Norge (høring)
108/25	Årleg fastsetjing av løn for administrerende direktør i HMR

95/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Styret i Helse Møre og Romsdal HF si behandling av sak 95/2025 i møte den 20.11.2025

Behandling

Styremedlem Sunniva Jansdotter Nydahl Rognerud peika på at det er viktig at sakene blir publiserte i god tid, slik at styremedlemmane får høve til å setje seg grundig inn i saksframstillinga. Elles var det ingen merknader til innkalling eller saksliste.

Vedtak

Styret for Helse Møre og Romsdal godkjenner innkalling og sakliste.

96/25 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 22.10.2025

Styret i Helse Møre og Romsdal HF si behandling av sak 96/2025 i møte den 20.11.2025

Behandling

Leiar i Brukarutvalet HMR Paula Næss Skår foreslo på styremøtet 22.10.25 at vedtaket til Brukarutvalet i sak 71/25 Status økonomi vart tatt inn som tillegg til protokollen under Sak 90/25 Budsjett 2026 – status for arbeidet. Styret slutta seg til forslaget, men protokollen vart lagt ut utan denne protokolltilføringa.

Vedtak

Styret i Helse Møre og Romsdal godkjenner protokollen frå styremøtet 22.10.2025, inkludert tillegget frå Brukarutvalet si sak 71/25, som kommentar til sak 90/25.

Dokumentet er signert digitalt av:

- GØRD MARIT LANGØY, 25.11.2025
- LEON JARLE AURDAL, 25.11.2025
- TORGEIR SAND AAS, 25.11.2025
- HERLOF NILSSEN, 25.11.2025
- ANETTE LEKVE, 25.11.2025
- ROGER MAGNE OSEN, 25.11.2025
- SUNNIVA JANSBOTTER NYDAHL ROGNERUD, 25.11.2025
- KARI-ANNE FORSMO THYGESSEN, 26.11.2025

Forseglet av



Posten Norge

97/25 Orientering frå administrerande direktør

Styret i Helse Møre og Romsdal HF si behandling av sak 97/2025 i møte den 20.11.2025

Behandling

Administrerande direktør Olav Lødemel orienterte om følgjande saker:

- **Arbeidet med budsjett 2026 for HMR**
- **1800 tilsette mista tilgang til pålogging**
- **Ny evalueringsrapport om prehospitale tenester for SNR**
- Beredskapen i området har gått opp.
- **HMR opprettar fleire felles tilvisingsmottak frå 1.desember**
Det blir oppretta felles tilvisingsmottak for både fagområdet hud og ortopedi.
- **Organdonasjon i HMR**
- **Samhandlingskonferansen 7. november i Ålesund med tema *helse- og omsorgsberedskap i eit samhandlingsperspektiv og behovet for radikal transformasjon i helse- og omsorgstenesten***
- **DMS-prosjektet i Kristiansund**
- **Ny fotontellar-CT til Volda**

Vedtak

Styret for Helse Møre og Romsdal tek orienteringa frå administrerande direktør til vitende.

98/25 Status AIO - akutt, intensiv og operasjon ved Ålesund sjukehus

Styret i Helse Møre og Romsdal HF si behandling av sak 98/2025 i møte den 20.11.2025

Behandling

Viseadministrerande direktør Heidi Nilsen orienterte om status i byggeprosjekta knytt til AIO ved Ålesund sjukehus.

Vedtak

Styret for Helse Møre og Romsdal tek saka om AIO – Akutt, intensiv og operasjon ved Ålesund sjukehus til vitende.

99/25 Statusrapport – Fag, økonomi og HR - oktober 2025

Styret i Helse Møre og Romsdal HF si behandling av sak 99/2025 i møte den 20.11.2025

Behandling

Statusrapport – Fag, økonomi og HR - oktober 2025 vart presentert av:

- Fag ved Fagdirektør Erik Ganesh Sjøgaard
- Økonomi vart presentert av Øk-direktør Randi Myhre
- HR-direktør Kjetil Lundberg presenterte HR-data for perioden

Dokumentet er signert digitalt av:

- GØRD MARIT LANGØY, 25.11.2025
- LEON JARLE AURDAL, 25.11.2025
- TORGEIR SAND AAS, 25.11.2025
- HERLOF NILSSEN, 25.11.2025
- ANETTE LEKVE, 25.11.2025
- ROGER MAGNE OSEN, 25.11.2025
- SUNNIVA JANSBOTTER NYDAHL ROGNERUD, 25.11.2025
- KARI-ANNE FORSMO THYGESSEN, 26.11.2025

Forseglet av



Posten Norge

Vedtak

Styret for Helse Møre og Romsdal tek statusrapport fag/økonomi/HR for oktober 2025 til vitende.

100/25 Orientering om forslag til inntektsfordeling 2026

Styret i Helse Møre og Romsdal HF si behandling av sak 100/2025 i møte den 20.11.2025

Behandling

Økonomidirektør Randi Myhre orienterte om forslag til inntektsmodell og fordelingsnøklar for 2026. Forslaget frå HMN syner ein reduksjon i tildelt ramme på omlag 70 millionar kroner for 2026.

Kommentarer i møtet:

Styret var overaska og skuffa av å få omlag 70 millionar mindre til helseføretaket, særleg med tanke på at omstillingskravet i 2026 er på 350 millionar kroner. Det vart peika på at ein framover må ha god dialog med HMN for å unngå at HMR ikkje blir pålagt ytterlegare kutt enn omstillingskravet på 350 millionar.

Styreleiar Herlof Nilssen foreslo derfor eit nytt forslag til vedtak som var samrøystes vedtatt av styret:

1. Styret i Helse Møre og Romsdal tar saka til orientering.
2. Styret i Helse Møre og Romsdal ber administrerende direktør ha ein tett dialog med Helse Midt-Norge for om mogeleg å sikre at kravet til omstilling og effektivisering for 2026 blir i tråd med ØLP 2026-2031 for HMR.

Opprinneleg forslag til vedtak:

1. Styret i Helse Møre og Romsdal tek forslaget om fordeling av inntektsrammer for 2026 i Helse Midt-Norge til etterretning.
2. Styret for Helse Møre og Romsdal konstaterar at oppdatering av inntektsmodellen i HMN og utvikling av befolkning og behov gjev endringar i dei relative andelane for fordeling av inntektsramme mellom sjukehusforetaka i 2026, der HMR sin andel vert redusert.
3. Styret for Helse Møre og Romsdal viser til sak 81/25 Revisjon ØLP HMR 2026-2031 der det var lagt til grunn eit omstilling- og effektiviseringsnivå på til saman 350 mnok i HMR i 2026. Styret ber om at det samla omstilling- og effektiviseringskravet for 2026 ikkje aukar som følge av endra inntektsfordeling. Styret ber derfor om at resultatkravet for 2026 HMR blir tilsvarande redusert.

Vedtak

1. Styret i Helse Møre og Romsdal tar saka til orientering.
2. Styret i Helse Møre og Romsdal ber administrerende direktør ha ein tett dialog med Helse Midt-Norge for om mogeleg å sikre at kravet til omstilling og effektivisering for 2026 blir i tråd med ØLP 2026-2031 for HMR.

Dokumentet er signert digitalt av:

- GJØRD MARIT LANGØY, 25.11.2025
- LEON JARLE AURDAL, 25.11.2025
- TORGEIR SAND AAS, 25.11.2025
- HERLOF NILSSEN, 25.11.2025
- ANETTE LEKVE, 25.11.2025
- ROGER MAGNE OSEN, 25.11.2025
- SUNNIVA JANSBOTTER NYDAHL ROGNERUD, 25.11.2025
- KARI-ANNE FORSMO THYGESSEN, 26.11.2025

Forseglet av



Posten Norge

101/25 Oppnemning av Brukarutval HMR for 2026-2027

Styret i Helse Møre og Romsdal HF si behandling av sak 101/2025 i møte den 20.11.2025

Behandling

Styreleiar Herlof Nilssen la fram saka.

Vedtak

Styret for Helse Møre og Romsdal HF oppnemner følgande personar til Brukerutvalet for Helse Møre og Romsdal HF funksjonstid 01.01.2026 - 31.12.2027.

1. Ottar Jan Løvoll (Eidså) *, SAFO Nordvest/NHF
2. Sandra Borhaug (Ellingsøy) *, FFO/Landsforeningen for pårørende innen psykisk helse
3. Lasse Honningsvåg (Ålesund) , FFO/Mental Helse
4. Evy Svanemslisli (Kristiansund) , FFO/Ryggforeningen Nordmøre og Romsdal
5. Nina Kristine Røe Eliassen (Sykkylven)* , Kreftforeningen
6. Bjørn Aske (Molde) , Kreftforeningen
7. Espen Myrvåg (Ålesund) *, RIO - En landsdekkende brukerorganisasjon på rusfelt
8. Solveig Jacobsen (Molde) *, SAFO Nordvest/NHF
9. Kjell Ove Salen (Ålesund) *, FFO/Hørselhemmedes Landsforbund
10. Heidi Anita Johansen (Malmfjorden) *, FFO/Hjernesvulstforeningen Region Midt Norge

Ottar Jan Løvoll - foreslås til leiar

Sandra Borhaug - foreslås til nestleiar

Vararepresentantar:

1. Tore Voksø (Rovde)* , SAFO Nordvest/NHF
2. Asle John Giske (Ålesund), FFO/LHL

102/25 Program brukarvenlegheit Helseplattformen

Styret i Helse Møre og Romsdal HF si behandling av sak 102/2025 i møte den 20.11.2025

Behandling

Med. E-helsesjef Henrik Erdal introduserte saka medan, programleiar Heidi Østbyhaug frå St. Olavs hospital orienterte om følgande:

Styret fekk orientering om det regionale programmet som skal gjere Helseplattformen enklare og meir effektiv for helsepersonell. Programmet har tre hovudspor: vidareutvikling og tilpassing av løysinga (inkludert bruk av KI), kompetanseutvikling med styrka opplæring og digital støtte, samt forankring og leiing for betre etterleving av arbeidsprosessar.

Dokumentet er signert digitalt av:

- GØRD MARIT LANGØY, 25.11.2025
- LEON JARLE AURDAL, 25.11.2025
- TORGEIR SAND AAS, 25.11.2025
- HERLOF NILSSEN, 25.11.2025
- ANETTE LEKVE, 25.11.2025
- ROGER MAGNE OSEN, 25.11.2025
- SUNNIVA JANSBOTTER NYDAHL ROGNERUD, 25.11.2025
- KARI-ANNE FORSMO THYGESSEN, 26.11.2025

Forseglet av



Posten Norge

Vedtak

1. Styret for Helse Møre og Romsdal tek status for Helseplattformen til vitende.
2. Styret for Helse Møre og Romsdal tek presentasjonen av program brukarvenlegheit til vitende og ser fram til effektar av programmet.

103/25 Status ventetidsløftet HMR

Styret i Helse Møre og Romsdal HF si behandling av sak 103/2025 i møte den 20.11.2025

Behandling

Administrerende direktør Olav Lødemel og fagdirektør Erik Ganesh Sjøgaard orienterte om at HMR har fokus på tiltak som gir varig effekt. Dei største utfordringane er innan ortopedi og auge, som har dei lengste ventelistene.

Vedtak

Styret for Helse Møre og Romsdal tek orienteringa om ventetidene i føretaket til vitende.

104/25 Medisinskteknisk utstyr – investeringar i ØLP-perioden

Styret i Helse Møre og Romsdal HF si behandling av sak 104/2025 i møte den 20.11.2025

Behandling

Direktør for e-helse og teknologi, Helge Storøy, og avdelingssjef Peter Inge Østrem orienterte om at behovet innan området er større enn dei midlane som er avsette i den økonomiske langtidsplanen. Det blir særleg krevjande investeringar i strålemaskiner dei komande åra.

Kommentarar frå møtet:

Helseføretaket har fått eit nytt sjukehus på Hjelset med mykje nytt utstyr, som betrar situasjonen.

Administrerende direktør har òg fått ein havaripott for å kunne gjennomføre strakstiltak dersom det blir nødvendig.

Vedtak

Styret for Helse Møre og Romsdal tek sak om MTU-investeringar for 2026-2030 til vitende.

Dokumentet er signert digitalt av:

- GØRD MARIT LANGØY, 25.11.2025
- LEON JARLE AURDAL, 25.11.2025
- TORGEIR SAND AAS, 25.11.2025
- HERLOF NILSSEN, 25.11.2025
- ANETTE LEKVE, 25.11.2025
- ROGER MAGNE OSEN, 25.11.2025
- SUNNIVA JANSBOTTER NYDAHL ROGNERUD, 25.11.2025
- KARI-ANNE FORSMO THYGESSEN, 26.11.2025

Forseglet av



Posten Norge

105/25 Byggningsmessige investeringar - status og behov HMR

Styret i Helse Møre og Romsdal HF si behandling av sak 105/2025 i møte den 20.11.2025

Behandling

Administrerende direktør Olav Lødemel og klinikkssjef for drift og eigedom, Mona Aagaard-Nilsen, orienterte styret:

Helseføretaket har fått eit stort løft på byggesida med det nye sjukehuset på Hjelset. Likevel har byggningsmassen i HMR eit betydeleg vedlikehaldsetterslep, og behovet er større enn dei midlane som er avsette i den økonomiske langtidsplanen.

Kommentarar frå møtet:

Det er viktig å gjennomføre det vedlikehaldet vi har kapasitet til innanfor dei rammene som finst, men først og fremst må vi sikre økonomisk balanse i føretaket for å trygge pasienttenestene framover.

Vedtak

Styret for Helse Møre og Romsdal tek orienteringa om byggningsmessige investeringar – status og behov, til vitende.

106/25 Referatsaker

Styret i Helse Møre og Romsdal HF si behandling av sak 106/2025 i møte den 20.11.2025

Behandling

Styreleiar Herlof Nilssen la fram referatsakene:

1. Protokoll styremøte HMN 30.10.25
2. Protokoll styremøte HPAS 17.10.25
3. Svar fra HOD til uttalelse fra Romsdal interkommunalt politisk råd om den økonomiske situasjonen i Helse Møre og Romsdal
4. Uttale Sunnmøre regionråd om økonomiske rammevilkår HMR
5. Svar til Sunnmøre regionråd frå HMN
6. Møteprotokoll Brukarutvalet 17.11.25

Vedtak

Styret for Helse Møre og Romsdal tek dei framlagte referata til vitende.

Dokumentet er signert digitalt av:

- GØRD MARIT LANGØY, 25.11.2025
- LEON JARLE AURDAL, 25.11.2025
- TORGEIR SAND AAS, 25.11.2025
- HERLOF NILSSEN, 25.11.2025
- ANETTE LEKVE, 25.11.2025
- ROGER MAGNE OSEN, 25.11.2025
- SUNNIVA JANSBOTTER NYDAHL ROGNERUD, 25.11.2025
- KARI-ANNE FORSMO THYGESSEN, 26.11.2025

Forseglet av



Posten Norge

107/25 Innspill til årlig vurdering av plan 2025-2026 for Internrevisjonen i Helse Midt-Norge (høring)

Styret i Helse Møre og Romsdal HF si behandling av sak 107/2025 i møte den 20.11.2025

Behandling

Fagdirektør Erik Ganesh Sjøgaard orienterte styret om innspela frå Helse Møre og Romsdal til plan for internrevisjon 2025-2026.

Vedtak

Administrerende direktør tilrår at styret sluttar seg til innspela til den årlege vurderinga av planen for 2025–2026 for internrevisjonen i Helse Midt-Norge, slik det er skildra i saka.

108/25 Årleg fastsetjing av løn for administrerende direktør i HMR

Styret i Helse Møre og Romsdal HF si behandling av sak 108/2025 i møte den 20.11.2025

Behandling

Saka vart behandla unnateke offentlegheit etter følgjande lovar:

Offentleglova § 23 første ledd:

§ 23. Unntak av omsyn til det offentlege sin forhandlingsposisjon m.m. Det kan gjerast unntak frå innsyn for opplysningar når det er påkravd av omsyn til ei forsvarleg gjennomføring av økonomi-, lønns-, eller personalforvaltninga til organet.

Helseforetaksloven § 26a andre ledd pkt. 4:

Dersom det foreligger et reelt og saklig behov, kan styret vedta å behandle en sak for lukkede dører i følgende tilfeller: (...) 4. Av hensyn til forsvarlig gjennomføring av økonomi-, lønns-, eller personalforvaltningen til foretaket.

Kommentar:

Vedtaket blei fatta med 5 stemmer for og 3 imot. Dei som stemte imot var tilsettrepresentantane Torgeir Sand Aas, Annette Lekve og Kari-Anne Thygesen.

Vedtak

Styret for Helse Møre og Romsdal vedtek at administrerende direktør sin faste lønn justerast med 4,4 prosent med verknad frå 1. januar 2025. Justeringa er i tråd med frontfagoppgjeret mellom LO og NHO og innanfor den gjennomsnittlege ramma av årets forhandlingar i HMR.

Dokumentet er signert digitalt av:

- GJØRD MARIT LANGØY, 25.11.2025
- LEON JARLE AURDAL, 25.11.2025
- TORGEIR SAND AAS, 25.11.2025
- HERLOF NILSSEN, 25.11.2025
- ANETTE LEKVE, 25.11.2025
- ROGER MAGNE OSEN, 25.11.2025
- SUNNIVA JANSBOTTER NYDAHL ROGNERUD, 25.11.2025
- KARI-ANNE FORSMO THYGESSEN, 26.11.2025

Forseglet av



Posten Norge

Arkivreferanse: 2025/10045
Ansvarleg direktør: Olav Lødemel
Saksbehandlar: Jim Leander Hansen

SAKSFRAMLEGG

Saksnummer	Møtedato	Utval
111/25	17.12.2025	Styret i Helse Møre og Romsdal HF

Orientering frå administrerende direktør

Forslag til vedtak:

Styret for Helse Møre og Romsdal tek orienteringa frå administrerende direktør til vitende.

Ålesund, 10.12.2025

Olav Lødemel
adm. direktør

Administrerende direktør Olav Lødemel orienterte om mellom anna følgjande saker:

- Presenterte Eli-Sihn Samdal Steinskog, som blei kåra til årets onkolog under Onkologisk Forum 20. november
- Oppsummerte status økonomi ved utgangen av november. Klinikane har gjort et betydeleg arbeid gjennom heile 2025 og identifisert tiltak for om lag 280 MNOK. Men framleis gjenstår ei betydeleg restutfordring, noko som blir presentert grundig i budsjettsaka. Adm.dir understreker at det er heilt sentralt å redusere lønskostnader og innleige for å lukkast i 2026. Samtidig er føretaket samla sett avhengig av å betre styringa av aktivitet, kapasitet og pasientlogistikk, særleg for sjukehusklinikane. Det er også ein føresetnad av å realisere gevinstar og effektivisering frå digitaliseringsprosessar, Helseplattformen og Sjukehuset Nordmøre og Romsdal.
- Rapport frå fagleiarnettverket for kardiologi i Helse Midt-Norge er levert 15. desember. Den tar stilling til faglege råd knytt til framtidig behandling av hjartepasientar i regionen. Dette er ein regionalt forankra prosess med representantar frå HMR, som har stor politisk interesse både lokalt og nasjonalt.
- Influensavaksineringa i HMR har vært svært vellukka, med en vaksinasjonsprosent på 67 % ved utgangen av november.
- Sjukefråveret var 9,7 % i november. Gjennomsnittlig sjukefråvær er 8,5 % hittil i år.
- 8. desember opna det nye kollektivknytepunktet og parkeringshuset ved Ålesund sjukehus
- 19. november opna Klinisk utdanningseining – eit samarbeidsprosjekt mellom NTNU og HMR
- Gastroenterolog Espen Skarsvåg frå Klinikk SNR skal representere spesialisthelsetenesta i Beslutningforum frå 2026
- Breiddinga av ultralydradiografar held fram – no er Klinikk for diagnostikk i gong med opplæring av ny ultralydradiograf på SNR Hjelset
- Oppdatert status på samordninga av ressursar mellom Helseplattformen AS og Hemit

Arkivreferanse: 2025/10045
Ansvarleg direktør: Olav Lødemel
Saksbehandlar: Fag. dir Erik Ganesh
Søegaard, Øk. dir Randi Myhre, HR-dir Kjetil
Lundberg

SAKSFRAMLEGG

Saksnummer	Møtedato	Utval
112/25	17.12.2025	Styret i Helse Møre og Romsdal HF

Statusrapport - Fag, økonomi og HR november 2025

Vedlegg

- 1 Sak 112-25 - vedlegg 1 - Statusrapport fag, økonomi og HR november 2025
- 2 Sak 112-25 - vedlegg 2 - Vedlegg til statusrapport november 2025

Forslag til vedtak:

Styret for Helse Møre og Romsdal tek statusrapport fag/økonomi/HR for november 2025 til vitende.

Ålesund, 10.12.2025

Olav Lødemel
adm. direktør

Helseforetak: Helse Møre og Romsdal

Periode: 11 - 2025

Statusrapport frå HF

1. STATUS OG UTVIKLING KPI

Tabell 0.1: Månedlig KPI-matrise pr november 2025


Månedlig KPI matrise 2025		Hittil i år			Avvik denne periode	Prognose årsavvik
		Resultat	Mål	Avvik		
Aktivitet	DRG-poeng somatikk "sørge for"	63 101	64 506	-1 405	●	-490
	DRG-poeng poliklinikk psykiatri voksne	15 970	17 197	-1 227	●	-143
	DRG-poeng poliklinikk psykiatri barn og unge	13 574	10 768	2 806	●	225
	DRG-poeng poliklinikk TSB	2 046	2 117	-71	●	-18
	Ventetid pasienter behandlet somatikk	86	61	25	●	18
	Ventetid pasienter behandlet VOP	53	44	9	●	4
	Ventetid pasienter behandlet BUP	49	45	4	●	-5
	Ventetid pasienter behandlet TSB	29	33	-4	●	-7
Finans	Økonomisk resultat (mill kr)	-506 113	-286 212	-219 902	●	-26 753
	Lønnskostnader (mill kr)	-5 395 774	-5 358 076	-37 699	●	-16 873
HR	Bemanning (brutto mnd.verk)	63 083	62 089	994	●	75
	Netto sykefravær	8,5 %	7,0 %	1,5 %	●	2,7 %

Status og utvikling aktivitet

- Aktiviteten innan somatikk var 5.835 DRG-poeng i november (ISF-egen helseregion). Dette er 8% lågare enn budsjett og 11% lågare enn november 2024. Samla viser aktiviteten hittil i år pr. november 2025, ein auke på 3.420 DRG-poeng (+6%) samanlikna med same periode i fjor, men vi ligg om lag 2% bak budsjett for i år og 2% bak aktiviteten i 2023 og 2022. Avviket i år ligg i klinikk SNR og skuldast i hovudsak lågare aktivitet tidlegare i år som følgje av planlagt opplæring og innflytting i det nye sjukehuset på Hjelset. Sjå vedlegg.
- Innanfor vaksenpsykiatri har polikliniske DRG-poeng pr. november 2025 samanlikna med pr. november 2024 auka med 13%, innan BUP 21% og innan TSB 19%, men vi ligg litt bak budsjett pr. november 2025 innan fagfelte VOP og TSB. Aktiviteten innanfor psykiatritilbodet til barn og unge har vore over budsjett sidan september 2024. Sjå vedlegg.

Status og utvikling finans

- Resultatet for november viser eit negativt rekneskapsresultat på 39,5 MNOK og eit negativt avvik mot budsjett/resultatkrav på 26,8 MNOK. Avviket hittil i år er negativt med 219,9 MNOK sett mot resultatkravet.
- Prognosen for året er sett til –541 MNOK som er ei forverring på 16 MNOK frå førre rapportering. Hovudforklaringa til endringa er auke i pensjonskostnader utover kompensert basisramme.
- Ved utgangen av november har HMR negativ likviditet på driftskonto med –1 109 MNOK som er 118,8 MNOK betre enn budsjett.



Status og utvikling HR

- Antall brutto månadsverk utbetalt i november 2025 var 5 697, noko som er 151 brutto månadsverk lågare enn i november 2024. Det er 1 BMV høgare enn i november 2023.
- Netto månadsverk i november var 4 559, noko som er 128 netto månadsverk lågare enn i november 2024. Det er 16 høgare enn i november 2023, og 175 høgare enn november 2019 (4 384).
- Forbruket av variable brutto månadsverk for november var 243 (inkludert estimat for innleige på 15 månadsverk). I november 2025 utgjør overtid 169 av desse årsverka, mot 184 i november 2024. I november 2023 var antall overtidsmånadsverk 190.
- Sjukefråværet var 9,7 % i november 2025. Langtidssjukefråværet utgjorde 6,7 %. I november 2024 var sjukefråværet 8,8 %, kor langtidssjukefråværet utgjorde 5,9 %.

ADMINISTRERENDE DIREKTØRS VURDERING

DRG-aktiviteten i november har vore lågare enn forventa. Aktiviteten i somatikkområdet var 8 % bak plan, medan inntektene innan psykisk helse og rus er på budsjett. Ein ser no nærare på om koding av opphalda gjer negative utslag denne månaden. Vi ikkje har god forklaring på DRG-avviket og undersøker dette nærare i samarbeid med regionen. Låg DRG-aktivitet gjer og utslag i det økonomiske resultatet som har hatt ein negativ utvikling i november. Isolert sett utgjer dette om lag 10 mnok i lågare ISF-inntekt enn budsjettert. Samstundes har vi negative avvik knytt både til varekostnader og lønskostnader i november.

Avviket mot resultatkravet var –26,7 MNOK i november og akkumulert avvik mot resultatkravet er –220 MNOK, der -120 MNOK er knytt til underliggende drift. Prognosen for året er ikkje endra for andre område enn for pensjon, til trass for det negative resultatet i november. Tiltaksoppnåinga pr. november er om lag 58 %.

Forbruket av brutto månadsverk (5 679) og netto månadsverk (4 559) er lågare enn i november 2024, og overtid og andre variable kostnader er redusert samanlikna med 2024. Gjennomsnittleg er forbruket av netto månadsverk på same nivå som i 2023 (januar – november). Sjukefråværet var høgt, heile 9,7 %, 0,9 % høgare enn i november i fjor. Det er ei auke både i langtids- og kortidsfråver. Vi har høg merksemd på nærværarbeid og har tett oppfølging av einingar med høgt fråvær over tid.

Ventetider i november, sjå vedlegg til statusrapport.

HMR er i ein krevjande økonomisk situasjon. Vi må auke gjennomføringsevna for tiltak og halde stram kostnadsstyring. Styringssignala i alle delar av føretaket ligg fast: redusere lønskostnadene, halde aktiviteten oppe og ventetidene nede, og realisere gevinstar knytt til vedtekne, innarbeidde tiltak, utan å gå på akkord med pasienttryggleiken.

Vedlegg statusrapport fra HF

1. Aktivitet

1.1.2 Somatikk – Sørge for og egen produksjon

Tabell nr 1: Aktivitet somatikk pr november 25

Aktivitet somatikk 2025		Hittil i år				Totalt for året			
		Realisert	Budsjett	Avvik	Avvik %	Prognose	Budsjett	Avvik	Avvik %
3200	ISF-refusjon egen helseregion	63 101	64 506	-1 405	-2,2 %	68 730	70 135	-1 405	-2,0 %
3202	ISF-refusjon på kjøp fra andre regioner, private og utlandet	3 472	3 379	92	2,7 %	3 779	3 687	92	2,5 %
3206	ISF-refusjon dyre biolog. legemidler utenfor sykeh	4 886	4 886	-	0,0 %	5 330	5 330	-	0,0 %
	Sum DRG-poeng "sørge for"	71 459	72 771	-1 313	-1,8 %	77 839	79 152	-1 313	-1,7 %
3200	ISF-refusjon egen helseregion	63 101	64 506	-1 405	-2,2 %	68 730	70 135	-1 405	-2,0 %
3210	Gjestepasientinntekter andre regioner, behandling	1 049	1 116	-67	-6,0 %	1 151	1 218	-67	-5,5 %
	Sum DRG-poeng produsert i egen region	64 151	65 622	-1 472	-2,2 %	69 881	71 353	-1 472	-2,1 %

Aktiviteten innan somatikk var 5.835 DRG-poeng i november ("3200 ISF-egen helseregion"). Dette er 8% lågare enn budsjett og 11% lågare enn november 2024. Aktiviteten var lågare enn normalt for alle klinikkar i november.

Hittil i år ligg vi om lag 2% bak budsjett, 1.472 DRG-poeng. Avviket ligg i klinikk SNR og skuldast i hovudsak lågare aktivitet tidlegare i år som følgje av planlagt opplæring og innflytting i det nye sjukehuset på Hjelset. Samstundes ligg vi samla sett 3.420 DRG-poeng over nivået pr. november 2024 som er ein auke på 6%.

1.1.3 Aktivitet PHV

Tabell nr 2: Aktivitet psykisk helsevern pr november 2025

Aktivitet psykisk helsevern 2025 ("sørge for")	Hittil i år utført	Hittil i år planlagt	Avvik	Avvik i %	Hittil 2024
Psykisk helsevern voksne:					
Antall polikliniske opphold	72 876	83 581	-10 705	-12,8 %	64 103
DRG-poeng poliklinikk	15 970	17 197	-1 227	-7,1 %	14 177
Utskrivninger (sum sykehus og DPS)	2 260	2 226	34	1,5 %	2 228
Oppholdsdøgn (sum sykehus og DPS)	36 327	35 361	966	2,7 %	35 493
Psykisk helsevern barn og unge:					
Antall polikliniske opphold	43 628	37 344	6 284	16,8 %	34 374
DRG-poeng poliklinikk	13 574	10 768	2 806	26,1 %	11 230
Utskrivninger	243	227	16	7,0 %	213
Oppholdsdøgn	2 045	1 594	451	28,3 %	1 402

Psykisk helsevern for vaksne har pr. november eit negativt avvik mot budsjett for tal på polikliniske opphald og DRG-poeng. Det er ein auke på 8.773 polikliniske opphald og 1.793 DRG-poeng (+13%) sett mot same periode i fjor. Dette skuldast blant anna at ein har teke tilbake pasientar frå private.

Når det gjeld opphaldsdøgn ligg ein 966 (3%) over plan og talet på utskrivingar er 34 over budsjett hittil i år.

Psykisk helsevern barn og ungdom har pr. november eit markert positivt avvik for tal polikliniske opphald (17%) og DRG- poeng (26%) sett mot budsjett. Det er også ein auke på 9.254 polikliniske opphald og 2.344 DRG-poeng (21%) sett mot same periode i 2024 (pr. november 2024). Dette skuldast blant anna betre rekruttering i fagfeltet og fleire tilvisingar.

Når det gjeld døgnopphald ser vi den same trenden som i vaksenpsykiatrien. Det har vore 28% fleire opphaldsdøgn enn budsjettert. For utskrivingar ligg ein 7% over plan hittil i år.

1.1.4 Aktivitet TSB

Tabell nr 3: Aktivitet TSB pr november 25


Aktivitet TSB 2025 ("sørge for")	Hittil i år utført	Hittil i år planlagt	Avvik	Avvik i %	Hittil 2024
Aktivitet eget HF:					
Antall polikliniske opphold	11 240	13 153	-1 913	-14,5 %	9 277
DRG-poeng poliklinikk	2 046	2 117	-71	-3,4 %	1 713
Utskrivninger	716	661	55	8,3 %	700
Opphaldsdøgn	14 619	16 369	-1 750	-10,7 %	15 058

Aktiviteten innan TSB ligg bak plan pr. november med 3% færre DRG-poeng og 15% færre polikliniske opphald. Hittil i år er det samstundes ein auke på 1.963 polikliniske opphald og 333 DRG-poeng (19%) sett mot same periode i 2024 (pr. november 2024).

2. Ventetider og fristbrot


Ventetid og fristbrot for pasientar som har vore inne til behandling i november 2025.

Ventetida i HMR har siste året hatt ein jamn nedgang (sjå Figur 1), sjølv om ventetida auka samla for HMR frå juli-september, er kurva no på veg nedover att. Ventetida samla i HMR var 76 dagar i november for pasientar som har vore inne til behandling (avvikla pasientar), noko som er 6 dagar lavare enn i oktober. Samanliknar ein med same periode i 2024, er ventetida heile 25 dagar lavare i november i år enn i fjor i HMR. Ventetida hittil i år er på 83 dagar, som er 3 dagar lavare enn hittil i år i november 2024.



Figur 1; Gjennomsnittleg ventetid for **avvikla** pasientar 2024-25 (Kjelde: NPR)

Ventetida for pasientar som framleis ventar, var 68 dagar i november 2025. Dette er ein reduksjon på 1 dag samanlikna med oktober i år, og er 18 dagar lavare enn november i fjor.




Figur 2; Gjennomsnittleg ventetid for **ventande** pasientar 2024-25, samla for HMR (Kjelde: NPR)

Utvikling ventetider for ventande 2024-25



Figur 3; Ventetider for ventande pr fagområde HMR 2024-2025 (Kjelde: NPR)

Andelen fristbrot for avvikla pasientar samla for HMR gikk opp i samband med innføring av helseplattforma i fjor. Det har vore ei positiv utvikling i andel fristbrot siste året. Andelen fristbrot for avvikla pasientar var i november 10,9%. Det er 3,1%-poeng lavare enn i oktober. Det er sannsynleg at ikkje alle fristbrota er reelle. Det pågår kontinuerleg rydding i listene for å fjerne eventuelle feilregistreringar.



Figur 4; Andel fristbrot for avvikla pasientar 2023-25(Kjelde: NPR)

Ventetider 2025	Mål (øvre grense)	Forrige periode (okt-25)	Denne periode (nov-25)	Endring	Hittil i 2025	Hittil i 2024	Datakilde
Ventetid pasientar behandla alle	61	82	76	-6	83	86	Norsk pasientregister
Ventetid pasientar behandla somatikk	61	85	79	-6	86	87	Norsk pasientregister
Ventetid pasientar behandla VOP	44	46	48	2	53	74	Norsk pasientregister
Ventetid pasientar behandla BUP	45	34	40	6	49	89	Norsk pasientregister
Ventetid pasientar behandla TSB	33	32	26	-6	29	34	Norsk pasientregister

*Tal frå NPR

Somatikk:

Ventetida innan somatikk var i november på 79 dagar. Det er 6 dagar mindre enn i oktober, og ein reduksjon på 16 dagar samanlikna med same periode i fjor. Hittil i år er ventetida 1 dag mindre enn hittil i 2024.

Psykisk Helsevern Vaksne (PHV)

Siste månaden har det vore ein auke i ventetida på 2 dagar frå 46-48 dagar. Det har vore ei positiv utvikling siste året, og sett i samband med november i fjor har det vore ein reduksjon på 16 dagar i ventetida.

Psykisk helsevern barn og unge(PHBU)

Det har vore ein auke på 6 dagar i ventetida frå oktober til november innanfor psykisk helsevern barn

og unge, men ventetida er framleis godt innanfor målkravet, med 40 dagar. Årsaka til auken er at ein har tatt unna pasientar som har venta lenge. Samanlikna med november i 2024 er ventetida heile 40 dagar mindre innanfor psykisk helsevern for barn og unge i november 2025.

Tverrfagleg spesialisert behandling (TSB)

Ventetida for avvikla pasientar innanfor TSB har gått ned med 6 dagar siste månaden, og er framleis innanfor målkravet, med gjennomsnittleg ventetid på 26 dagar. Dette er 12 dagar mindre enn i november i fjor. Hittil i år er ventetida 29 dagar, mot 34 dagar hittil i fjor.

Arbeid med tiltak - ventetider og fristbrot

Ventetidsløftet har i heile 2025 hatt stort fokus, og alle klinikkar jobbar konkret og aktivt for å redusere ventetider, med aktiv innsats mot dei pasientane som har venta lengst. Tiltaka har hatt effekt. Det var ein auke i ventetida gjennom sommarferie-avviklinga, men ein ser at kurva no er på veg ned att både for ventetida for avvikla pasientar og for ventande pasientar. Tiltaka held fram vidare. Ein held fram med tett samarbeid mellom stabseiningane og klinikkane. Det pågår jamlege møter mellom fagavdelinga og klinikkleiarane i alle klinikkar for å følgje med på utviklinga i ventetida. Arbeid med å auke oppgåvedeling vil vere viktig for å kunne auke kapasiteten ytterlegare framover. Systematisk arbeid med gjennomgang av ventelister, avslutte kontrollar og prioritere rett pasient held og fram, og her er Kloke val-kampanjen eit av satsingsområda.

Auka digitalisering, oppretting av felles tilvisingsmottak og auka bruk av KI er andre tiltak ein vil jobbe med for å betre pasientflyten.

Som nemnt i tidlegare rapportar er auka bruk av behovsstyrte helsetenester gjennom digitale verktøy eit av fokusområda i HMR. Dette vil redusere talet på ventande gjennom at pasientane sjølv er med på å styre om og når dei har behov for helsetenester i spesialisthelsetenesta. Dette vil vidare redusere ventetida og talet på fristbrot.

Somatikk:

Innanfor hud-faget gjekk ventetida noko opp i samband med sommarferieavviklinga, men er no på veg ned att og har vorte redusert med 16 dagar siste månaden. Det vil vere aksjonspoliklinikkar utover hausten, og frå oktober starta ny hudlege med digitale konsultasjonar. I tillegg vil ein oversende ein del pasientar til privat aktør, særskilt pasientar som står i fare for fristbrot. For å betre pasientflyten har ein slått saman hud-seksjonane i Kristiansund og Ålesund, og felles tilvisingsmottak for dei to einingane starta opp frå 1.desember. Pasientar med kort frist eller behov for rask kontroll settast på time direkte, og ein jobbar og for å få dette til for alle pasientar. I tillegg nyttast videokonsultasjonar og teledermatologi. Ein har tru på at desse tiltaka vil føre til at ventetida vil betre seg ytterlegare i tida framover.

Ein held elles fram med tiltak som tidlegare er skissert. Digitale verktøy for å betre pasientflyten og system for behovsprøvd oppfølging er iverksett og ein ser begynnande effekt. Her nyttar ein «checkware» eller andre verktøy for å redusere tal på pasientar som må inn til kontroll.

Ventetida gjekk noko opp innanfor klinikk Ålesund sjukehus sommarmånadene, men har no vore relativt stabil siste par månadene, og ein har tru på at det vil betre seg i tida framover. Tiltaka held fram som før, med gjennomgang av ventelister for å sikre rette fristar og fjerne feilregistreringar, og ein jobbar med å gi pasientane time direkte. Innanfor ortopedien samarbeider ein regionalt for å standardisere pasientforløpa. Felles tilvisingsmottak for ortopedi vart starta frå 1.desember, og ein vil med dette i større grad få til ei betre koordinering av tenestene, meir lik vurdering av tilvisingane og

meir effektiv ressursutnytting på tvers av sjukehusa våre. Oppgåvegsliding frå ortoped til fysioterapeut og sjukepleiar er eit av tiltaka ein satsar på, og ein vil jobbe vidare med å betre pasientflyten på skadepoliklinikken. Utprøving av KI for å effektivisere konsultasjonane er i gang ved fleire fagområder. Innanfor augefaget er det plan om at optikar kan ta kontrollpasientar for å avlaste legane og innanfor ØNH aukar ein operasjonskapasiteten ei periode framover.

Ein vil auke bruken av behovsstyrt poliklinikk gjennom bruk av digitale verktøy for å betre pasientflyt. Auka samarbeid på tvers gjennom fagnettverk vil kunne auke standardisering av mellom anna kontrollregime og avslagsbrev med råd til henvisar/pasient.

I Klinik Volda sjukehus har ein jobba bra med ventelistene, men det er framleis noko utfordringar innanfor kirurgi og gynekologi.

Der vil framover vere betre tilgang på gynekologar, og talet på poliklinikkdagar vil i samband med dette auke. Ein forventar difor betring i ventetidene framover. Innanfor kirurgifaget er det tilstandar som har lang frist for behandling som gjer at ventetida er noko høg. Pakkeforløp og tilstandar som hastar vert prioritert, og det er ingen fristbrudd innanfor kirurgisk poliklinikk. Auka bruk av behovsstyrte tenester og digital oppfølging vil og vere fokusområder utover hausten innanfor fleire fagfelt.

I Klinik SNR er det framleis noko utfordring innanfor augefaget, men ventetida er no på veg ned, og har vorte redusert med 33 dagar for avvikla pasientar, og heile 50 dagar for dei som framleis ventar sidan august. Det har vore jobba aktivt med ventelistene, og det jobbast og aktivt vidare med kompensierende tiltak som forventast å ha effekt, mellom anna oppgåvegsliding frå lege til optikar/sjukepleiar for å betre situasjonen.

Det har og vore noko lange ventetider innanfor kirurgi, gynekologi og gastromedisin.

Aksjonspoliklinikk og vidaretilvising til avtalespesialist, samt bruk av check-ware for å luke ut pasientar som ikkje har behov for spesialisthelseteneste vidare er andre tiltak ein har sett i verk. Ein jobbar elles kontinuerleg med å sjå på pasientforløpa, gå gjennom ventelister og auke bruken av behovsstyrt poliklinikk gjennom bruk av digitale verktøy for å betre pasientflyt.

Det er realistisk at tiltaka og vil redusere talet på fristbrot etter kvart.

Psykisk helse og rus:

Innanfor **psykisk helsevern vaksne** har ventetida gått jamt ned gjennom det siste året, med ei lita auke i samband med ferieavviklinga, som og var forventa, men er no på veg ned att. Tiltak knytta til ventetidsløftet har hatt viktig effekt, og i tillegg til at ventetida for avvikla pasientar har vorte kraftig redusert, har det og vore ein stor reduksjon i ventetida for ventande pasientar. Andelen fristbrot har og vorte kraftig redusert siste året. I november i år var andelen fristbrot for avvikla pasientar innanfor psykisk helsevern vaksne 7% mot 22 % på same tid i fjor.

Ein held elles fram med dei tiltaka som har vart over lang tid, med gjennomgang av ventelister slik at dei som har venta lengst vert prioritert, aksjonspoliklinikk, fokus på å rekruttere og behalde kompetanse, samt tydelege aktivitetsforventningar. Tidleg Avklaringsteam ved poliklinikken i Ålesund vil redusere talet på saker som tas inn, og ein kan sluse pasientane raskare inn i tilbod på lavare nivå.

Gjennom det siste året (frå september 2024 til november 2025) har ventetida for avvikla pasientar gått ned med heile 66 dagar innanfor **psykisk helsevern barn og unge**. I november er det ikkje registrert eit einaste fristbrot innanfor psykisk helsevern barn og unge, noko som er særleg gledeleg. Det har berre vore 3 fristbrot totalt dei siste 8 månadene. Iverksette tiltak har tydeleg hatt effekt. Dei tilsette har strekt seg langt, og poliklinikkane har gjort ein stor jobb med å ta unna pasientar som har venta lenge. Dei som treng rask hjelp grunna alvorlege tilstandar har kort ventetid. Ein ser at ventetida for dei som framleis ventar held seg lav, og er på same nivå som landsgjennomsnittet (sjå

figur 3). Ventetida for dei som framleis ventar er i november berre 25 dagar, som er på same nivå som førre månad.

Tiltaka er som nemnd i tidlegare rapportar mellom anna auking i bemanninga ved alle poliklinikkane for å auke kapasiteten, innleige av ekstra legevikarar og bredding av ADHD sjukepleiar-tilbod både i talet og innhald i oppgåvedeling. Vurderingssamtalar av pasientar tidleg i ventetida held fram. I tillegg er det kontinuerleg nøye monitorering av ventelister. Det er eit mål om at alle saker skal startast innan frist.

Innanfor **TSB** har ventetida gått ned med 6 dagar siste månaden frå 32-26 dagar, og er godt innanfor målkravet som er på 33 dagar. Ein har god kontroll på ventelista, og det er difor ikkje behov for særskilte tiltak.

3. Økonomi

3.1 Resultat

Helse Møre og Romsdal har i 2025 eit brutto budsjett på om lag 9,3 MRD. Det er budsjettert med eit resultat på -297 MNOK i samsvar med føretaksprotokoll av 19.12.24. Prognosen for året er pr. november satt til -541 MNOK som er ei forverring på 16 MNOK samanlikna med førre rapportering på -525 MNOK, sjå omtale punkt 3.3 Prognose.

Den økonomiske situasjonen i HMR er særskilt krevjande. Bakgrunnen for utfordringsbiletet er samansett. Dei store omstillingsprosjekta, innføring av Helseplattformen i 2024 og innflytting og ibruktaking av SNR i 2025, har gjort det krevjande og samstundes ha tilstrekkeleg kapasitet til å jobbe med naudsynt omstilling. Aukande og vedvarande høge IKT-kostnader dei seinare åra, auka finanskostnader knytt til SNR og etterkvart AIO og generell høg kostnadsvekst knytt til mellom anna legemiddel og lønnskostnader, er i tillegg dei viktigaste årsakene.

Tabell nr 4: Resultat pr november og hittil i år

Resultat 2025 (Tall i tusen)		Denne periode			Hittil i år		
		Resultat	Budsjett	Avvik	Resultat	Budsjett	Avvik
3	Inntekter	797 883	797 803	80	8 190 624	8 166 006	24 618
4	Varekostnader	-135 700	-127 269	-8 431	-1 494 704	-1 376 705	-118 000
5	Lønnskostnader	-513 768	-496 896	-16 873	-5 395 774	-5 358 076	-37 699
6,7,9	Andre driftskostnader	-159 250	-157 987	-1 264	-1 619 271	-1 575 559	-43 713
8	Finansposter	-28 707	-28 442	-265	-186 987	-141 878	-45 109
Sum		-39 543	-12 790	-26 753	-506 113	-286 212	-219 902
Revidert resultatkrav							
Sum - korrigert for pensjon		-39 543	-12 790	-26 753	-506 113	-286 212	-219 902

Resultatet for november viser eit negativt rekneskapsresultat på 39,5 MNOK og eit negativt avvik mot budsjett/resultatkrav på 26,8 MNOK. Avviket hittil i år er negativt med 219,9 MNOK sett mot resultatkravet.

Ikkje-budsjetterte renter og avskrivningar for SNR i mai og juni utgjer om lag 100 MNOK av avviket hittil i år korrigert for endring i avskrivningstid. Resterande netto avvik i underliggjande drift utgjer om lag 120 MNOK.

Inntekta i november er tilnærma lik budsjett. Pasient- og behandlingsrelaterte inntekter viser ei mindreinntekt på 2,5 MNOK. Vi ser eit større negativt avvik på ISF-inntekter i november samanlikna med tidlegare år og ein undersøker kvifor saman med dei andre helseføretaka i HMN. Likevel har alle klinikkar med unntak av SNR ein aktivitet som er høgare enn budsjettert hittil i år. Klinik SNR har hatt redusert aktivitet i samband med innflyttinga, men har likevel oppnådd 93 % av budsjettert aktivitet hittil i år.

Varekostnader viser eit meirforbruk på 8,4 MNOK i november. Avviket skuldast i hovudsak meirforbruk på medikament, medisinske forbruksvarer, gjestepasientkostnader internt i regionen (hovudsakleg kostbare medikament/behandling) og innleige av helsepersonell.


Føretaket har eit negativt lønsavvik på 16,9 MNOK i november. Variable lønskostnader (overtid, ekstrasjelp og engasjement) viser eit meirforbruk på 7,2 MNOK i høve budsjett. Refusjon av sjukepengar viser ei meirinntekt på 9,6 MNOK i november.

Andre driftskostnader har eit meirforbruk på 1,3 MNOK i november i hovudsak knytt til kostnader lokale. Det er gjort ei avsetning på 12 MNOK for mottatte fakturaer som ikkje er godkjent.

Medikament – pr. november 2025

Vi rapporterer særskilt på utviklinga i medikamentkostnader gitt i sjukehus (ikkje H-reseptar) i perioden 2022-2025 jf. søylediagrammet nedanfor. Pr. november 2023 samanlikna med pr. november 2024 viser ein kostnadsauke på 15%, og pr. november 2024 samanlikna med pr. november 2025 viser ein ytterlegare auke på 8%.

Innanfor mange områder og spesielt innanfor kreftområdet, har det kome mange nye og kostbare behandlingar som trekkjer opp kostnadene. Desse kjem til dels inn som ny behandling utan vesentleg reduksjon i bruk av annan dyr behandling. Medikamenta vi ser størst auke i pr. november 2024 til pr. november 2025 er Darzalex, Vabysmo, Keytruda og Flixabi. Det er også enkelte medikamentgrupper der vi har vesentlege høgare kostnader enn andre helseføretak. Det vart lagt fram ei eiga sak om legemiddeløkonomi i HMR i styremøtet 22. oktober 2025.



3.2 Omstilling og effekt av tiltak

Behovet for tiltak for å oppnå resultatkravet i HMR er på omlag 450 MNOK i 2025, noko som er omlag 150 MNOK meir enn det som er innarbeidd i dei klinikkvise budsjetta. Pr november var det periodisert inn ein forventa effekt av tiltak på om lag 409 MNOK. Klinikane meldte ei måloppnåing på om lag 239 MNOK for same periode, noko som tilsvarer 58%. Estimert total årseffekt av tiltaka er på omlag 274 MNOK. Dei estimerte effektane har blitt redusert kvar månad i løpet av hausten, og ein er avhengig av ein god månad i klinikane i desember om estimatet på omlag 60% tiltaksoppnåing skal bli nådd.

Realiserte HIÅ (1000 kr)	Budsjett Hittil	Realisert Hittil	Avvik Hittil
Reduserte lønnskostnader/ bemanningsreduksjon	91 100	75 482	15 618
Innleie	45 517	47 254	- 1 737
Varekostnader (ekskl innleie)	35 274	25 141	10 133
Øvrige kostnadsbesparelser (uspesifiserte tiltak)	134 750	6 821	127 929
Økt inntekt	102 706	84 398	18 308
Sum	409 347	239 096	170 251

Tiltaka i klinikane sine budsjett er ikkje tilstrekkelege for å nå resultatkravet på føretaksnivå i 2025. Det er avgjerande for HMR at ein klarer å auke gjennomføringsevna knytt til tiltak.

3.3 Prognose

Prognosen for året er sett til –541 MNOK som er ei forverring på 16 MNOK frå førre rapportering som var på -525 MNOK. Forklaringa til endringa er auke i pensjonskostnader utover kompensert basisramme i nysaldering av statsbudsjettet , og rapporterst som endring i årsprognose i samsvar med e-post frå HMN datert 2. desember 2025. Ut over dette er ikkje prognosen for 2025 endra.

Det er tett dialog med RHF-et, og prognosen krev stram styring av aktivitet, kostnader og tiltaksoppfølging også siste månaden i året.

Tabell nr 5: Prognose pr november 2025

Prognose 2025 (Tall i tusen)		Prognose - forrige periode	Prognose - denne periode	Endring - denne periode	Budsjett 2025	Avvik - Budsjett-prog nose
3	Inntekter	9 014 292	9 651 974	637 682	8 982 853	669 121
4	Varekostnader	-1 628 448	-1 626 739	1 709	-1 499 734	-127 005
5	Lønnskostnader	-5 927 533	-6 583 100	-655 567	-5 877 918	-705 182
6,7,9	Andre driftskostnader	-1 766 571	-1 766 129	441	-1 730 306	-35 824
8	Finansposter	-216 741	-217 006	-265	-171 897	-45 109
Sum		-525 000	-541 000	-16 000	-297 002	-243 998
Revidert resultatkrav - pga pensjon						
Sum - korrigert for pensjon		-525 000	-541 000	-16 000	-297 002	-243 998

3.4 Likviditet

Tabell nr 6: Status og prognose likviditet pr november 25


Kontantstrøm (beløp i hele tusen)	Hittil i år			Totalt for året		
	Faktisk	Budsjett	Avvik	Prognose	Budsjett	Avvik
IB likviditetsbeholdning 1.1.2025	-547 725	-547 725	-			-
UB likviditetsbeholdning	-1 108 666	-1 227 432	118 766	-564 418	-1 202 398	637 980
Endring likviditet	-560 941	-679 707	118 766	-564 418	-1 202 398	637 980
Kredittramme	1 376 186	1 376 186	-	680 700	1 376 186	-695 486
Midler som er bundet	0	0	0	0	0	0
Samlet likviditet	267 520	148 754	118 766	116 282	173 788	-57 506

Ved utgangen av november har HMR negativ likviditet på driftskonto med –1 109 MNOK som er 118,8 MNOK bedre enn budsjett.

Prognosen for året viser ein positiv likviditet på 116 MNOK som er ei forbetring frå førre periode med omlag 54 MNOK. Dette skuldast hovudsakleg endring i arbeidskapital. Endring i basisramme til auka pensjonskostnader og endring i betalt premie i 2025, gir grunnlag for justering av driftskredittramme frå 1 376 MNOK til 680,7 MNOK i desember. Desse endringane i pensjon har ikkje likviditetseffekt.

Ved utgangen av året forventar vi eit avvik på -58 MNOK i høgare trekk på kassakreditten enn budsjettert. Dette skuldast høgare drifts- og investeringsnivå.

Prognosen viser at likviditetssituasjonen for HMR er krevjande og at det er naudsynt med framleis tett dialog med HMN.



3.5 Akutt-, intensiv- og operasjon-prosjektet (AIO)

Status i arbeidet

På nybygget er takteking og vindusmontasje ferdigstilt i perioden. Det er starta isolering av yttervegg og montasje av solskjerming.

Detaljprosjekteringen av innvendige arbeider pågår, og det meste av prosjekteringsarbeidet ferdigstilles til nyttår.

Oppstart innvendige arbeider er satt til 01.02.26. Samhandlingsprosess med utførende fag er vidareført for å legge til rette for effektiv produksjon av innvendige arbeider.

Arbeid med avkjøring frå Borgundfjordvegen er helt i sluttfasen. Før avkjøringa kan tas i bruk av utrykningskjøretøy og anleggstrafikk gjenstår merking og skilting av området.

Plan for rocade og ombygging i eksisterande areal er ferdigstilt, og oppstart saneringsarbeid i vestibyle syd vil tentativt starte opp i starten av februar 2026.



Nytt AIO-bygg, november 2025

Økonomi

Pådraget i perioden er 32,5 MNOK.

Totalt påløpte kostnader i prosjektet er 575,2 MNOK.

Prosjektet rapporterer et estimat per oktober på 1 308,6 MNOK. For å få sammenlignbare kroneverdier er rammene oppjustert til oktober-kroneverdi. Dette er hhv 17,2 MNOK og 62,1 MNOK under BKIBOL-justert P70- og P85-ramme.

Det vil bli gjennomført budsjettrevisjon i desember og da vil det bli en ny vurdering av prognose.

Viktigaste aktivitetar i neste fase

- Gjennomføre økonomi- og kalkylegjennomgang saman med HENT
- Ferdigstille budsjettrevisjon
- Vidareføre detaljprosjektering av innvendige arbeider
- Vidareføre taktekking og vindumontasje på mellombygg
- Starte fasadekledning
- Ferdigstille avkøyring frå Borgundfjordvegen
- Konkretisere planer for ombyggingsarbeider og rokade i eksisterande bygg
- Vidareføre arbeid med samordna plan for forberedelse og innflytting i nytt sjukehusbygg
- Koordinere med sjukehus i drift

4. HR

4.1 Bemanning/innleie

Tabell nr 7: Bemanning

Bemanning 2025 (brutto månadsverk utbetalt)	Denne periode			Hittil		
	202511	Budsjett	Avvik	Faktisk	Budsjett	Avvik
Totalt	5 697	5 622	75*	63 083	62 089	994*
Fråvær	1 139			14 221		
Netto månadsverk utbetalt	4 558			48 862		

Brutto månadsverk

Talet på forbrukte brutto månadsverk i november var på 5 697, noko som er 151 månadsverk lågare enn i november 2024. I november 2023 var talet 5 696, 1 BMV lågare enn i november 2025.

*Bemanningsbudsjettet for brutto månadsverk er berekna ut frå budsjetterte kostnader for definerte kostnadsarter og føresetnader om gj. snittleg kostnader pr månadsverk innafor dei

ulike lønsartene. Kostnadene knytt til kvart månadsverk varierer mykje når det påløper overtid og ekstravakter. Utsett tiltaksoppløsing og lønsoppgjer inngår ikkje i budsjetterte månadsverk, men påverkar totaliteten når ein ser avvik i månadsverk mot samla avvik på lønskostnader. Vi ser på andre tilnærmingar til både budsjettering og rapportering av brutto månadsverk i samhandling med HMN og dei andre sjukehusføretaka i regionen.

Netto månadsverk

Netto månadsverk i november var 4 559, noko som er 128 netto månadsverk lågare enn i november 2024 (4 687). Dette er 16 netto månadsverk høgare enn i november 2023 (4 543), og 175 høgare enn i november 2019 (4 384).

Variable lønskostnader

I januar 2025 vart det innført ein ny, strengare rutine for bruk av overtid. Bruk av overtid blei då redusert.

Forbruket av variable brutto lønnskostnadar for november 2025 var 243 månadsverk (inkludert estimat for innleige, som utgjer 15 månadsverk). Talet på variable månadsverk var på eit lågare nivå enn november 2024 (298).

Overtidsforbruket var i november 169 månadsverk. I november 2024 var talet 184.

Talet på overtidstimar i november 2025 var 24 277, som er 2 269 timar lågare enn i same månad i 2024.

Godkjenning av stillingar og innleige

Alle utlysingar skal godkjennast av administrerande direktør etter klinikkjefen si vurdering av behovet for personell opp mot krav til pasientsikkerheit, økonomi og HMS. All innleige skal vurderast og godkjennast av AD, og må vere knytt til kritisk kompetanse nødvendig for å oppretthalde dagens pasienttilbod.

Tal i HR-kube pr 9.12, kl. 10.30.

4.2 Sjukefråvær

Tabell nr 8: Sjukefråvær

Sjukefråvær	Denne periode			Hittil		
	202511	202411	Endring	2025	2024	Endring
Antall enheter med sjukefråvær > 10 %	91	89	2,2 %	82	70	17,1 %
Netto sjukefråværsprosent	9,7 %	8,8 %	10,2 %	8,5 %	8,3 %	2,4 %

Sjukefråværet var 9,7 % i november 2025. Langtidssjukefråværet utgjorde 6,7 %. I november 2024 var sjukefråværet 8,8 %, kor langtidssjukefråværet utgjorde 5,9 %.

Av oppdragsdokumentet for 2025 går det fram at HMR skal ta sikte på å kome ned på eit sjukefråvær som tilsvara 2019-nivået. I november 2019 var sjukefråværet 7,8 %.

Det systematiske arbeidet med nærvær og oppfølging av sjukefråvær har stort fokus i HMR. I følge «ti-punktlista» over generelle klinikktiltak er det vedteke at alle leiarar skal følgje alle retningslinjer for systematisk nærværsarbeid og sjukefråværsoppfølging. Det er satt inn ekstra tiltak på seksjonar med meir enn 10 % sjukefråvær over tre månaders varigheit, med særleg oppfølging av HR-seksjonen og NAV.

Arkivreferanse: 2025/10045
Ansvarleg direktør: Olav Lødemel
Saksbehandlar: Viseadm. dir Heidi Nilsen

SAKSFRAMLEGG

Saksnummer	Møtedato	Utval
113/25	17.12.2025	Styret i Helse Møre og Romsdal HF

Status AIO - akutt, intensiv og operasjon ved Ålesund sjukehus

Forslag til vedtak:

Styret for Helse Møre og Romsdal tek saka om AIO – Akutt, intensiv og operasjon ved Ålesund sjukehus til vitende.

Ålesund, 10.12.2025

Olav Lødemel
adm. direktør

Status i arbeidet pr november 2025

På nybygget er takteking og vindusmontasje ferdigstilt i perioden. Det er startet isolering av yttervegg og montasje av solskjerming.

Detaljprosjekteringen av innvendige arbeider pågår, og det meste av prosjekteringsarbeidet ferdigstilles til nyttår.

Oppstart innvendige arbeider er satt til 01.02.26. Samhandlingsprosess med utførende fag er videreført for å legge til rette for effektiv produksjon av innvendige arbeider.

Arbeid med avkjøring fra Borgundfjordvegen er helt i slutfasen. Før avkjøringen kan tas i bruk av utrykningskjøretøy og anleggstrafikk gjenstår merking og skilting av området.

Plan for rokade og ombygging i eksisterende areal er ferdigstilt, og oppstart saneringsarbeid i vestibyle syd vil tentativt starte opp i starten av februar 2026.



Nytt AIO-bygg, november 2025

Økonomi

Pådraget i perioden er 32,5 MNOK.

Totalt påløpte kostnader i prosjektet er 575,2 MNOK.

Prosjektet rapporterer et estimat per oktober på 1 308,6 MNOK. For å få sammenlignbare kroneverdier er rammene oppjustert til oktober-kroneverdi. Dette er hhv 17,2 MNOK og 62,1 MNOK under BKIBOL-justert P70- og P85-ramme.

Det vil bli gjennomført budsjettrevisjon i desember og da vil det bli en ny vurdering av prognose.

Viktigste aktiviteter i neste fase

- Gjennomføre økonomi- og kalkylegjennomgang sammen med HENT
- Ferdigstille budsjettrevisjon
- Videreføre detaljprosjektering av innvendige arbeider
- Videreføre taktekking og vindusmontasje på mellombygg
- Starte fasadekledning
- Ferdigstille avkjøring fra Borgundfjordvegen
- Konkretisere planer for ombyggingsarbeider og rocade i eksisterende bygg
- Videreføre arbeid med samordna plan for forberedelse og innflytting i nytt sykehusbygg
- Koordinere med sykehus i drift

Arkivreferanse: 2025/10045
Ansvarleg direktør: Olav Lødemel
Saksbehandlar: Øk. dir Randi Myhre

SAKSFRAMLEGG

Saksnummer	Møtedato	Utval
114/25	17.12.2025	Styret i Helse Møre og Romsdal HF

Budsjett 2026 HMR

Vedlegg

- 1 Sak 114-25 - vedlegg 1 - Saksutgreiing Budsjett 2026 HMR
- 2 Sak 114-25 - vedlegg 2 - Tiltak i klinikkane
- 3 Sak 114-25 - vedlegg 3 - Drøftingsprotokoll Budsjett 2026 Helse Møre og Romsdal HF

Forslag til vedtak:

1. Styret for Helse Møre og Romsdal vedtek framlegg til budsjett for 2026 slik det går fram av saka og med eit negativt resultatkrav på 400 mnok. Styret i HMR tek atterhald om styret i HMN sitt endelege vedtak om resultatkrav for 2026.
2. Styret for Helse Møre og Romsdal vedtek rammene i investeringsbudsjett for 2026 og sluttar seg til dei prioriteringane som kjem fram av saka.
3. Styret for Helse Møre og Romsdal viser til at vedteke omstillingskrav for 2026 i sak 81-25 om revidert ØLP var 350 mnok. Styret sluttar seg til at omstillingskravet for 2026 no er auka til 410 mnok som følgje av endra føresetnader om kostnads- og inntektsutvikling i 2026.
4. Styret for Helse Møre og Romsdal konstaterer at det er høg risiko i budsjettet knytt til om det er tilstrekkeleg med konkrete tiltak for å nå resultatkravet for 2026. Styret ber administrerande direktør følgje opp klinikkane slik at realistiske omstillingsplanar kjem på plass innanfor gjeldande resultatkrav.
5. Styret for Helse Møre og Romsdal ber om rapportering i kvart styremøte på gjennomføring av tiltak og utvikling av årsverk. Ved manglande effekt skal kompenserande tiltak konkretiserast og settast i verk.
6. Styret for Helse Møre og Romsdal ber om at likviditetssituasjonen blir følgt opp i tett dialog med HMN.
7. Styret for Helse Møre og Romsdal gir administrerande direktør fullmakt til å gjere mindre endringar i budsjett 2026 innanfor vedteke resultatkrav.

Ålesund, 12.12.2025

Olav Lødemel
adm. direktør

Saksutgreiing budsjett 2026 HMR

Innleiing

Den økonomiske situasjonen i Helse Møre og Romsdal er særskilt krevjande. Budsjettet for 2026 er lagt med utgangspunkt i dei føringane som vart vedteke *sak 81-25 Revisjon økonomisk langtidsplan for Helse Møre og Romsdal 2026-2031* der kravet til omstilling og effektivisering i 2026 var 350 mill. kroner.

I tillegg er det etter dette avdekt område der kostnader vil auke ut over deflator frå 2025 til 2026 samt at nokre inntektsføresetnader og er endra. Dette aukar utfordringsbildet frå føresetnadene i saka om revidert ØLP. I budsjettet for 2026 legg vi til grunn eit omstillingsbehov på 410 mnok.

I 2024 vart Helseplattformen innført, noko som påverka både aktiviteten og kostnadsnivået i drifta. I 2025 har vi i stor grad lukkast med å kome attende til same aktivitetsnivå som før innføringa (unntaket er Klinikk SNR) og å ta ned det høge kostnadsnivået knytt til innføringa. I 2025 vart det nye akuttsjukehuset på Hjelset teke i bruk. Opplæring, førebuing, innflytting og ibruktaking har påverka både drifta og den økonomiske situasjonen i 2025 gjennom lågare aktivitet og pukkelkostnader.

Som følge av store investeringar i både bygg, infrastruktur, medisinsk-teknisk utstyr og IKT dei seinare åra, må Helse Møre og Romsdal vri ressursbruken frå lønnskostnader/bemannning til finansiering av aukande finanskostnader, vedvarande høge IKT-kostnader og mest sannsynleg aukande og vedvarande høge medikamentkostnader. Dette vil utfordre både prioritering og struktur.

Bakgrunn

Sjå tidlegare styresaker i Helse Møre og Romsdal som er ein del av bakgrunn for saka:

Sak 55-25	Økonomisk langtidsplan 2026-2031 for Helse Møre og Romsdal
Sak 69-25	Budsjett 2026 - forutsetninger
Sak 81-25	Revisjon økonomisk langtidsplan for Helse Møre og Romsdal 2026-2031
Sak 90-25	Budsjett 2026 – status for arbeidet
Sak 91-25	Utkast til overordna plan for omstilling i HMR
Sak 100-25	Orientering om forslag til inntektsfordeling 2026

Løpande rapportering på økonomisk bærekraft for HMR (sak 43-25, sak 65-25 og sak 80-25) og løpande månadleg statusrapportering i 2025.

Vedtak og styresaker i Helse Midt-Norge er og bakgrunn for saka, mellom anna:

Sak 009-25	Forutsetninger for ØLP 2026-2031
Sak 095-25	Økonomisk langtidsplan 2026-2031
Sak 150-25	Justert økonomisk langtidsplan for Helse Midt-Norge – ØLP
Sak 166-25	Budsjett Helse Midt-Norge 2026_rev 141125

Vedtak i *sak 166/25 Budsjett 2025 Helse Midt-Norge 2026* dannar grunnlaget for fordeling av inntektsrammer og resultatkrav til helseføretaka Helse Midt-Norge for budsjettåret 2026.

Styret i Helse Midt Norge RHF gjorde følgjande vedtak i saka den 20. november 2025:

1. Styret tar til orientering resultatkrav for HF for 2026 i henhold til tabell under, og kommer tilbake med resultatkrav i styremøtet i desember:

Resultatkrav 2026 (tusen kroner)	
St. Olavs hospital HF	240 000
Helse Møre og Romsdal HF	-350 000
Helse Nord-Trøndelag HF	-60 000
Sykehusapotekene i Midt-Norge HF	-10 000
Hemit HF	0

2. Styret vedtar inntektsfordeling for 2026 i henhold til tabell under, med forbehold om Stortingets behandling av forslag til statsbudsjett 2026:

Fordeling (1 000 kr)	Kap/post	HMR	HNT	STO	APO	HEMIT	RHF	Sum HMN
Basisramme inntektsmodell	732.74	7 062 793	3 696 555	10 988 224	-	-	888 698	22 636 269
Basisramme strategiske tilskudd	732.74	228 366	40 526	396 872	20 000	-	1 259 294	1 945 058
Sum basisramme	732.74	7 291 159	3 737 081	11 385 096	20 000	-	2 147 992	24 581 328
Resultatbasert finansiering (RBF)	732.71	37 272	14 386	43 250	-	-	-	94 908
Sum basisramme og RBF		7 328 431	3 751 467	11 428 346	20 000	-	2 147 992	24 676 236
Aktivitetsbasert inntekt		1 659 290	854 995	2 718 929	-	-	62 372	5 295 586
Øremerkede midler		35 646	4 687	641 215	-	-	162 585	844 133
Sum bevilgning		9 023 368	4 611 149	14 788 490	20 000	-	2 372 949	30 815 955

3. Styret vedtar at følgende aktivitet for DRG somatikk (sørge for) skal legges til grunn i foretakenes budsjetter for 2026:

DRG-poeng (somatikk)	HMR	HNT	STO	RHF	SUM
Aktivitetsbestilling 2026 - sørge for somatikk	77 409	39 641	134 224	3 386	254 660

4. Styret i Helse Midt-Norge RHF ber administrerende direktør følge opp at helseforetakene setter tydelige krav til realistiske omstillingsplaner, som forankres i konkretiserte tiltak. Budsjettene skal ha realistiske planer for aktivitet og bemanning. Det skal legges til grunn en tydelig sammenheng mellom tilgjengelige ressurser og aktiviteten som planlegges.
5. Administrerende direktør gis fullmakt til å gjøre mindre endringer i inntektsfordelingen for 2026.

Det vises til sak 100-25 Orientering om forslag til inntektsfordeling 2026, som vart handsama av styret i HMR den 20. november, for nærare orientering om konsekvensane av forslag til inntektsfordeling i 2026 for HMR, særleg knytt til oppdatering av inntektsmodellen som følge av relativ utvikling i befolkning og behov, endring i dei interne gjestepasientstraumane i HMN og endring i bruk av private helsetenester. Samanlikna med dei føresetnadene som var lagt til grunn i ØLP 2026-2031 (sak 9-25 og sak 150-25 i HMN, sak 55-25 og 81-25 i HMR), medfører dei samla endringane knytt til utvikling innanfor desse områda ein reduksjon av basisramma til HMR på om lag 67 mnok. Andre endringar kompenserer noko for dette.

Resultatkrav 2026 - førebels

I sak 166/25 Budsjett 2025 Helse Midt-Norge 2026 la HMN til grunn eit resultatkrav for 2026 på -350 mnok for HMR. Dette resultatkravet tok utgangspunkt i budsjettert resultat for 2026 i sak 81-25 Revisjon økonomisk langtidsplan for Helse Møre og Romsdal 2026-2031 på -377 mnok, korrigert for positive resultateffektar på om lag 30 mnok knytt til lengre gjennomsnittleg avskrivningstid for SNR (frå 28 til 32 år) og omgjering av dei langsiktige låna til annuitetslån.

Konsekvensane av oppdatering av inntektsmodellen vart kjent relativt seint i budsjettprosessen, då desse delvis bygger på særskilte indikatorar som må bestillast frå SSB. Indikatorane er dei same som vert nytta i den nasjonale inntektsfordelingsmodellen. Mellom anna som følgje av dette, valde styret i HMN å kome tilbake med endelege resultatkrav for 2026 i sitt styremøtet 18. desember 2025.

I samråd med HMN legg vi i denne saka til grunn eit resultatkrav på -400 mnok for HMR i 2026.

Inntektsrammer 2026

I sak 166-25 Budsjett Helse Midt-Norge 2026 vert det gjort greie for endringar i forslaget til statsbudsjett for 2026 for HMN. Basisramma til Helse Midt-Norge inneheld følgjande endringar:

Endring i basisramme - statsbudsjett 2026	(1000 kr)
Aktivitetsvekst	308 902
Omfordeling inntektsmodell	-49 856
Helseteam i barnevernet	5 669
Kompensasjon endring antall rapporteringsenheter	16 800
Effektivisering	-27 496
Andre endringer	-2 641
Delsum økt basisramme 2026	251 379
Kompensasjon prisvekst	652 911
Pensjon - komp- økte kostnader	559 835
Flytting øremerkede midler	133 567
Legemidler og forbruksmateriell	26 844
Endring i egenandeler og gebyr	-29 282
Endret sats på laboratorierefusjon	20 409
Delsum - priskomp., tekniske justeringer mv.	1 364 285
SUM	1 615 663

Finansiering av auka aktivitet korrigert for omfordeling i nasjonal inntektsmodell gjer at føresetnadene knytt til aktivitetsvekst i HMN samla ligg nært opp til føresetnadene i ØLP. Løyving til *Helseteam i barnevernet* vert fordelt i inntektsmodellen, og skal sikre at alle barn i barnevernsinstitusjonar skal få helsehjelp så snart som råd utan at det går ut over andre prioriterte pasientgrupper eller aukar ventetidene. *Kompensasjon for endring i talet på rapporteringseiningar* vert fordelt som strategiske tilskot til HNT og HMR i 2026 og for ein periode på tre år. Midlane vil etter det fordelast gjennom inntektsmodellen. Kompensasjonen vert gitt som følgje av tilsvarande reduksjon i ISF-refusjonen etter overgang frå rapportering på sjukehusnivå til rapportering på foretaksnivå.

Effektivisering gjeld administrative funksjonar, og 40% av kravet til HMN er lagt på det regionale helseføretaket inkl. dei felles eigde helseføretaka. Vidare er det i forslaget til statsbudsjett foreslått ei *underregulering av refusjonar innanfor offentlege laboratorie- og radiologiske undersøkingar*, der HMN sin del er estimert til 10 mnok. Dette inneber og ei effektivisering.

Andre endringar knytt til mellom anna kompensasjon for prisvekst, auka kostnader knytt til pensjon og endra finansiering/finansieringsansvar er meir tekniske justeringar.

Endra vektning av deflator mellom løn og varer i forslaget til statsbudsjett inneber likevel ei innstramming. Løn vektast no med 56,6%, mot 70% tidlegare. I forslaget statsbudsjettet for 2026 er det lagt til grunn ein deflator på 3,2%, der 4,0% gjeld løn og 2,2% varer.

I sak 166-2025 Budsjett 2026 for Helse Midt-Norge vart følgjande fordeling av basisramme 2026 vedteke:

Inntektsfordeling 2026				
Basisramme inntektsmodell og strategiske tilskudd (tusen kr.)	HMR	HNT	STO	SUM
Basisramme 2025	6 774 095	3 418 436	10 445 325	20 637 856
Endring i basisramme 2025-2026	517 063	318 645	939 771	1 775 479
Basisramme 2026 (inkl. strategiske tilskudd)	7 291 158	3 737 081	11 385 096	22 413 335
%-vis endring fra 2025 til 2026	7,63 %	9,32 %	9,00 %	8,60 %

Som det går fram av tabellen, får HMR den lågaste prosentvise endringa frå 2025 til 2026 i HMN. Dette skuldast i all hovudsak endringar i inntektsmodellen.

Endring av basisramme på 517 mnok for HMR er samansett av 478,8 mnok i netto auke i basisramme og 38,2 mnok i netto auke i ramme til strategiske tilskot.

Endring i basisramma til HMR frå 2025 til 2026

Inntektsfordeling 2026	
Endring i basisramme 2025-2026	HMR
Basisramme 2025	6 774 095
Endring i basisramme i inntektsmodell:	32,824 %
<u>Økt bevilgning i statsbudsjett 2026:</u>	
Aktivitetsvekst	107 970
Tidligere øremerkede midler	33 293
Oppdatering nasjonal inntektsmodell	-17 412
Effektivisering	-5 077
Priskompensasjon	187 631
Pensjon	195 523
Finansieringsansvar legemidler og forbruksmateriell	9 616
Endring gebyr, egenandeler og labrefusjon	-3 099
Andre endringer	2 297
<u>Oppdateringer inntektsmodell</u>	
Endring interne pasientstrømmer (aktivitet)	-29 396
Endring i andel bruk av private helsetjenester	11 761
Oppdatering befolkning og behov	-54 850
<u>Endring i ramme fordelt i inntektsmodell</u>	
Tidl. særfinansiering - HP, 27 lokale ressurser	12 433
Redusert ramme RHF	17 922
HR-prosjekt Hemit - flyttes fra RHF til tjenestebudsjett	3 353
Endring ramme til strategiske tilskudd	6 869
Endring i basisramme i inntektsmodell:	478 835

Auke i løyving til aktivitetsvekst må sjåast i samanheng med trekk i ramme knytt til oppdatering av den nasjonale inntektsmodellen, der Helse Midt-Norge sin relative andel vart redusert i 2026. Denne reduksjonen er fordelt mellom helseføretaka.

Tidligere øremerkede midler gjeld mellom anna finansiering av nasjonalt program for tarmscreening og innføring av LIS1-stillingar. Desse satsingane vert frå 2026 finansiert gjennom basisramma. HMR har ein samla kostnad til LIS1 på om lag 120 mnok inkl. sosiale kostnader i 2026, så denne løyvinga dekkjer berre ein liten del av den samla lønnskostnaden.

Tiltak i Møre og Romsdal (tidlegare «fødemidlar») var løyvd som øyremerka midlar i 2025 og tidlegare. Frå 2026 inngår tilskotet i den nasjonale basisramma.

Effektivisering knytt til administrasjon gjeld den delen av effektiviseringskravet som ikkje vert dekt av det regionale helseføretaket, og som er fordelt mellom helseføretaka.

Priskompensasjonen er berekna ut frå ny vekting av deflator i forslaget til statsbudsjett. Som omtalt inneber endra vekting av deflator ei innstramming i høve tidlegare praksis.

Auka ramme til finansiering av *pensjonskostnader* er fordelt i samsvar med gjeldande praksis.

Finansieringsansvaret for nokre *legemiddelgrupper* er foreslått overført til dei regionale helseføretaka, og auka basisramme til dekking av nye medikamentkostnader er fordelt mellom helseføretaka.

Endring gebyr, egenandeler og lab.refusjon innebær effektivisering.

Andre endringer er summen av fleire mindre endringar/justeringar.

Oppdatering av inntektsmodellen gjev store endringar og omfordelingar mellom helseføretaka frå 2025 til 2026, jf. *sak 100-25 Orientering om forslag til inntektsfordeling 2026* som styret i HMR handsama i møte 20. november.

Av områda som det er korrigerert «positivt» for i basisramma, er det berre *Aktivitetsvekst* og *Redusert ramme til RHF* som er reelle styrkingar, dei andre områda vert finansiert på andre måtar frå 2026.

Endring av basisramma til HMR til strategiske tilskot (tidlegare særfinansiering) frå 2025 til 2026

Endring i basisramme - strategiske tilskudd:	
<u>Særfinansiering som avsluttes:</u>	
Tidl. særfinansiering - HP, 27 lokale ressurser	-12 433
Regionalt program for kvalitet og pasientsikkerhet	-2 435
FIK - fagstillinger i HF	-329
Rusmestringsenheter fengsel (STO,HMR), Rusressurs i fengsel (HNT)	-987
Det finnes hjelp	0
HMN-satsning forskning	0
Nedtrapping Klinisk Farmasi	0
Hemit - redusert ramme, oppdrag må fortsatt løses (effektivisering)	0
<u>Andre og tekniske endringer:</u>	
Forskning - kompensasjon for at ørmerkede midler flyttes til RHF/SO	5 286
Ramme RHF - midler klinforsk flyttes til STO (fakturert i 2025)	0
Flyttes fra RHF - Med.kvalitetsregister (teknisk drift Hemit)	0
Tilskudd lånerenter (netto) - endring	27 678
Justering av tilskudd til Hjerterehabilitering	1 500
Justering av tilskudd til forskning	1 000
<u>Nye strategiske tilskudd</u>	
NY: Regionalt utredningsmiljø for sjeldne tilstander	0
NY: Regionalt senter for kjønnsinkongurens (RSKI)	0
NY: Protonbehandling	0
<u>Statsbudsjett 2026:</u>	
Endring antall rapporteringsenheter	13 500
Tidl.øremkerket - nasjonale komp.tjenester	0
Prisjustering særfinansiering 3,2 % + avrundet	5 449
Sum endring strategiske tilskudd	38 228

Særfinansiering som avsluttes er ikkje reelle endringar, då områda vert finansiert på andre måtar frå 2026.

Når det gjeld *Andre og tekniske endringer* får Helse Møre og Romsdal ei styrking til strategisk tilskot til finansiering av lånerenter som følgje av heilårseffekt av rentekostnader til SNR.

Statsbudsjett 2026 gjev HMR kompensasjon for reduksjon i talet på rapporteringseiningar som omtalt tidlegare. Dette inneber ikkje ei reell styrking frå 2025 til 2026, då ISF-reduksjonen er tilsvarande redusert.

Av områda som det er korrigerert for i strategiske tilskot, er det berre *Tilskudd lånerenter* som er ei reelle styrkingar, dei andre områda vert finansiert på andre måtar frå 2026.

Tabellen under viser oversikt over den samla finansieringa gjennom strategiske tilskot pr helseføretak og kategori i HMN for 2026. Alle postar som er vidareført frå 2025 er prisjustert.

Helseføretaka skal rapportere på bruk av strategiske tilskot.

Basisramme - Strategiske tilskudd 2026	HMR	HNT	STO	APO	SUM HF
Forskning - Innovasjon - utdanning	10 400	7 200	235 019	-	252 619
Psykisk helsevern - Rusbehandling	46 300	39 599	52 699	-	138 598
Særskilte tilskudd ambulanse	87 700	-	44 750	-	132 450
Andre regionale funksjoner	1 100	8 095	18 100	-	27 296
Øvrige tilskudd	82 865	14 369	46 304	20 000	134 800
Sum	228 366	40 526	396 871	20 000	685 763

Øyremerka midlar

Øyremerka midlar til HMR over statsbudsjettet utgjør 35,6 mnok og kjem i tillegg til basisramma og strategiske tilskot. For HMR utgjør vidareføring av tilskotet til «Kristiansund sykehus» på 26,9 mnok den største delen av dei øyremerka midlane. Dette tilskotet skal nyttast til finansiering av ombygging til vaksenpsykiatrisk poliklinikk ved DMS Kristiansund, saman med tilsvarande løyving i 2024 og 2025.

Rekruttering- og samhandlingstilskot er frå 2026 finansierte som øyremerka tilskot.

Andre øyremerka midlar i 2025 er lagt til basisramma/strategiske tilskot frå 2026, for HMR gjeld dette Nasjonalt program for tarmscreening, innføring av LIS1-stillingar og tilskot til forskning/kompetansenester.

Øyremerke midlar til «Tiltak i Helse Møre og Romsdal», tidlegare omtalt som «fødemidlar» (29 mnok), er ikkje vidareført frå 2025 til 2026, jf. forslag til Statsbudsjett for 2026.

Det er elles ingen reelle endringar i øyremerka midlar frå 2025 til 2026 for HMR.

Tabellen under viser oversikt over formål som vert finansierte av øyremerka midlar over eigne kapittel og postar i statsbudsjettet, fordelt mellom føretaka.

Helseføretaka skal rapportere på bruk av øyremerka midlar.

Kap/post	HMR	HNT	STO	RHF/ Ikke fordelt	Sum
732.70 Landsdekkende modell for rettspsyk			8 643		8 643
732.70 Barnepalliative team				-	-
732.70 Medevac pasienter				25 600	25 600
732.70 Kristiansund Sykehus	26 900				26 900
732.70 Tverrfaglig helsekartlegging			3 810		3 810
732.70 InnoMed				14 700	14 700
732.70 Rekrutterings- og samhandlingstilskudd	8 746	4 687	11 567		25 000
732.70 Audiografutdanning/kompetansehevede tiltak				7 000	7 000
732.70 Abortnemnder				86	86
732.70 Medisinske utredninger for oljepionerene				2 375	2 375
732.78 Tilskudd til forskning og komp.tjenester				112 824	112 824
734.71 Fagenehet for tvungen omsorg			617 195		617 195
SUM	35 646	4 687	641 215	162 585	844 133

Samla endring i inntektsrammer

Det er krevjande å få full oversikt over alle endringane, og korleis endringane reelt påverkar den økonomiske situasjonen samanlikna med både drifta inneverande år og rammeføresetnadene som vart lagt til grunn for 2026 i revidert ØLP 2026-2031. Resultatkrava til HF'ene vert sett med utgangspunkt i økonomisk langtidsplan for HMN.

Som gjort greie for i saka, er mange av endringane og av meir teknisk karakter.

Under er det sett opp ei oversikt som syner endring i føresetnadene knytt til basisramme, strategiske tilskot og øyremerka midlar i 2026 samanlikna med dei føresetnadene som vi la til grunn i *sak 81-25 Revisjon av*

økonomisk langtidsplan 2026-2031 for 2026. «Tekniske» endringer, rammeendringer knytt til pensjon eller endringer som gir auka kostnader tilsvarande eller høgare enn rammestyrkinga i 2026 er ikkje tatt med:

Rammeføresetnader	ØLP 2026	Budsjett 2026	Endra ramme- føresetnader frå ØLP til budsjett 2026
Aktivitetsvekst korr. for utvikling i befolkning nasjonalt og effektivisering	80 591	84 679	4 088
Styrking - omfordeling frå HMN RHF		17 922	17 922
Interne pasientstraumar, bruk av private og befolkning og behov	- 5 125	- 72 485	- 67 360
Netto endring basisramme	75 466	30 116	45 350
Rentekompensasjon - renteomfordeling	19 129	27 678	8 549
Endring øremerka midler - Tilskudd Helse Møre og Romsdal	- 29 000	- 29 000	-
Endring kvalitetsbasert finansiering (KBF)	- 2 774	- 2 975	- 201
Netto endring strategiske tilskot og øymerka midlar + KBF	- 12 645	4 297	8 348
Sum endring i inntektsrammer	62 821	25 820	- 37 001

Basisramma aukar reelt sett med 30,1 mnok frå 2025 til 2026.

Samanlikna med føresetnadene som låg til grunn i økonomisk langtidsplan for 2026 er den vedtekne basisramma til HMR for 2026 likevel 45,4 mnok lågare. Dette skuldast i all hovudsak endringer knytt til oppdatering av inntektsmodellen som tidlegare omtalt. Dei økonomiske rammene til helseføretaka er styrka med til saman 51 mnok som følgje av omprioritering av ramme som tidlegare låg på RHF'et. For HMR utgjør denne styrkinga isolert sett 17, 9 mnok.

HMR får ei auke i det strategiske tilskotet til lånerenter på 27,7 mnok frå 2025 til 2026. Samanlikna med føresetnadene som låg til grunn i økonomisk langtidsplan for 2026 er tilskotet 8,5 mnok høgare (omgjerung frå serielån til annuitetslån, høgare rente).

Tilskotet som HMR har hatt til «Tiltak i Helse Møre og Romsdal» fell bort frå 2026. Det var teke høgde for det i ØLP. Løyvinga til kvalitetsbasert finansiering vart redusert i RNB for 2025, og løyvinga er ytterlegare redusert med 0,2 mnok i 2026.

Den reelle auken i basisramme, strategiske tilskot, øymerka midlar og KBF frå 2025 til 2026 er om lag 26 mnok for HMR. Samanlikna med føresetnadene som låg til grunn i økonomisk langtidsplan for 2026 er summen av endringer til HMR for 2026 likevel 37 mnok lågare.

I desse tala inngår ikkje manglande, reell kompensasjon for løn- og prisvekst av basisramma som vi har berekna til å utgjere om lag 16 mnok frå 2025 og 2026. Dersom basisramma hadde vore kompensert i samsvar med tidlegare vekting, ville priskompensasjonen ha vore 14 mnok høgare i 2026.

Endra kostnadsbilete frå 2025 til 2026

Auka forpliktingar frå 2025 til 2026, hovudsakeleg knytt til heilårseffekt av rente- og avskrivingskostnader for SNR samt andre auka kostnader som det er teke høgde for i revidert ØLP, gjer at både rammetrekket frå klinikkane i 2026 og budsjettposten til pukkelkostnader SNR i 2025 vert omdisponert til finansiering av auka kostnader. Det same gjeld netto rammestyrking til HMR for 2026.

Det er ikkje rom for å styrke rammene til klinikkane i 2026, men unntak av auka ramme knytt til medikamentkostnader, FDV-kostnader og eksterne husleigekostnader som det vart teke høgde for i revidert ØLP. Strategiske tilskot og øymerka midlar er fordelt til klinikkar og stabseiningar i samsvar med føringar for midlane eller avsett til formåla.

Det er satt av ei reserveavsetning på om lag 60 mnok på fellesområde, i samsvar med ØLP.

I 2026 får HMR ei høgare auke basisramme knytt til pensjonskostnader enn det dei rekneskapsførte pensjonskostnadene vil auke med. Dette gir ein positiv resultateffekt på 23,9 mnok i 2026.

Budsjettet til sentrale IKT-kostnader (Hemit/HP) vert redusert med 20 mnok i 2026, jf. føresetnader i ØLP.

Budsjettet til pukkelkostnader SNR vert avvikla.

Samla kostnader knytt til rente og avskrivningar er 785 mnok i budsjettet for 2026. Samanlikna med budsjettet for 2025 utgjer det ei auke på 283 mnok, mens samanlikna med prognosen for tilsvarende kostnader i 2025 er auken 194 mnok.

Tall i 1 000 kroner	Budsjett 2025	Prognose 2025	Budsjett 2026	Endring B25- B26
Avskrivninger	330 300	374 600	445 600	115 300
Finansinntekt	-57 100	-56 100	-44 300	12 800
Finanskostnad	229 000	273 100	384 000	155 000
Totalt	502 100	591 600	785 300	283 200

I tillegg er noko av det medisinsk-tekniske utstyret i SNR finansiert gjennom leasing, og i 2026 får vi heilårseffekt av denne kostnaden som utgjer 5 mnok.

I revidert ØLP tok vi høgde for ei auke i kostnadane på til saman 120 mnok (medikamentkostnader, FDV-kostnader, eksterne husleigekontraktar og avsetning for reserve) som er innarbeidd i budsjettet for 2026.

Skattetrekksskonto som ordning vert avvikla nasjonalt frå 2026, noko som medfører lågare renteinntekter på om lag 9 mnok årleg for HMR.

Det er innarbeid at Sykehusapotekene i HMN skal ha eit høgare påslag for forvaltning av ordninga med utlevering av behandlingshjelpemidlar i 2026, dette utgjer om lag 4 mnok for HMR.

Økonomisk status 2025


Helse Møre og Romsdal har eit resultatkrav på -297 mnok i 2025. Prognosa for 2025 vart vedteke til -525 mnok ved rapporteringa pr. oktober, og er endra til -541 mnok ved rapporteringa pr november, som følgje av nysaldert statsbudsjett.

Av det negative avviket frå resultatkravet utgjer om lag 100 mnok rente- og avskrivingskostnader knytt til SNR i mai og juni (ikkje budsjettert før frå 2. halvår). Det er meirforbruk i klinikkane og mindreforbruk på nokre andre område på fellesavdelingane og i stabsavdelingane. Meirforbruket i klinikkane er i hovudsak knytt til medikament og andre medisinske forbruksvarer, samt innleige og løn. Mindreforbruket på fellesavdelingane er mellom anna knytt til lågare rekneskapsførte pukkelkostnader SNR og lågare IKT-driftskostnader enn budsjettert.

Ved rapporteringa pr. november vart det synleggjort realiserte tiltak for om lag 229 mnok hittil i 2025. Dette utgjer ei tiltaksrealisering på om lag 58% som ikkje er tilstrekkeleg sett opp mot resultatkravet.

Når vi samanliknar med situasjonen pr november 2024, har HMR likevel redusert kostnadane til innleige frå byrå med 36 mnok og vi har ein realnedgang i lønnskostnadene på om lag 200 mnok. Samstundes har dei pasientrelaterte inntektene auka med om lag 180 mnok. Ved utgangen av november ligg alle klinikkane, med unntak av klinikk SNR, over budsjett knytt til aktivitet.

Figuren under viser utvikling i netto månadsverk i 2025 samanlikning med 2023 og 2024, og tilbake til 2019:



Utviklinga i netto månadsverk viser at bemanningsnivået i 2025 i gjennomsnitt ligg noko under 2023, men framleis klart over nivået i 2019 og 2020.

Tala viser at ein har klart å ta ned bemanninga frå toppåret 2024, men at reduksjonen i hovudsak har vore ein reversering av ekstra auke, ikkje eit tydeleg trinn vidare ned under 2023 nivå. Sett opp mot omstillingskravet i 2026, der ein større del av kostnadsreduksjonen må kome gjennom lågare lønnskostnader, understrekar dette behovet for meir varige tiltak som gir ein klår nedgang i netto månadsverk over tid.

Behov for omstilling og føringar for budsjettarbeidet i klinikkane

Vedtekne inntektsrammer for 2026, føresetnad om eit resultatkrav på -400 mnok i 2026, negative avvik i drifta i 2025 og auka kostnader i 2026, gjer at det det samla omstillingsbehovet frå 2025 til 2026 er om lag 410 mnok.

Som gjort greie for i saken, er dette høgare enn det omstillingsnivået som styret i HMR la til grunn ved handsaming av *sak 100-25 Orientering for forslag til inntektsfordeling i HMN for 2026*, der det vart gjort følgjande vedtak:

1. Styret i Helse Møre og Romsdal tar saka til orientering.
2. Styret i Helse Møre og Romsdal ber administrerende direktør ha ein tett dialog med Helse Midt-Norge for om mogeleg å sikre at kravet til omstilling og effektivisering for 2026 blir i tråd med ØLP 2026-2031 for HMR.

Overordna føresetnader for budsjettarbeidet

Det ligg til grunn at det skal være tre akuttsjukehus i Møre og Romsdal, samt elektivt dagtilbod i SNR Kristiansund. HMR skal ha ei berekraftig drift og utvikling, utan vesentleg behov for å leige inn nøkkelpersonell for å oppretthalde pasienttilbodet. Oppgåver og funksjoner i heile helseføretaket må gjennomgåast. Det ligg og til grunn for arbeidet at Helse Møre og Romsdal skal skape seg handlingsrom for satsingar/prioriteringar, mellom anna for å kunne ta i bruk ny teknologi.

Fokuset skal være på kostnadsreduserande tiltak for å sikre ei underliggjande drift i balanse og ei berekraftig likviditetsutvikling. Løpande gevinstarbeid for å hente ut effektar av satsinga på digitalisering, ny teknologi samt investeringar i bygg og utstyr er viktig, og gir moglegheiter for å drifte tenestene våre meir effektivt gjennom blant annet nye arbeidsprosessar. Det same gjeld gevinstar knytt til regionale fellesløyningar.

Andre overordna føringar for er mellom anna Utviklingsplan for Helse Møre og Romsdal, Oppdragsdokument, Prioriteringsmeldingen (St. meld. 21, 2024-2025), Helseatlas, Tid for handling mm.

I oktober 2025 vart det sendt ut føringar for budsjettarbeidet til klinikkane. Desse er gjengitt under:

«Rammene til klinikkane blir redusert med 147 mnok knytt til krav om generelle effektivisering og forventa gevinstar knytt til SNR.

Aktiviteten skal ikkje budsjetterast høgare enn prognose for 2025 i dei somatiske klinikkane, med unntak av for Klinikk SNR. Det må takast høgde for planlagt reduksjon i årsverk ved budsjettering av aktivitet. Klinikkane skal og gjere vurderingar knytt til produktivitet ved fastsetting av aktivitetsbudsjettet.

Aktiviteten innan psykisk helsevern og rus skal budsjetterast med utgangspunkt i prognose for aktiviteten i 2025 og mål for endringar i 2026.

Stillingsplanar og budsjetttrammer skal samsvare på seksjonsnivå ved at stillingsplanar ikkje skal ha fleire stillingar enn budsjetttrammene gjev rom for å lønne. Prinsippet vil innebere reduksjon av talet på stillingar i nokre seksjonar.

Budsjettering av alle faste, variable lønnskostnader/tillegg skal være realistisk, det same gjeld ev behov for innleige.

Budsjettering av sjukelønnsrefusjon skal sjåast opp mot budsjettering av vikarkostnader/andre variable lønnskostnader som følge av sjukdom.

Andre vare- og driftskostnader skal budsjetterast på eit realistisk nivå.

Det skal ikkje budsjetterast med uløyste budsjettutfordringar.»

Tiltak på klinikknivå i 2026

Dei klinikkvise rammene er redusert med 147 mnok knytt til føresetnader om generell gevinstrealisering og forventa gevinstar knytt til SNR. Klinikkane sine rammer er kompensert for heilårseffekt av lønsoppgjøret i 2025 og prisvekst i samsvar med deflator i statsbudsjettet. Kostnadsauke som det var teke høgde for i ØLP, mellom anna auka medikamentkostnader, auka kostnader knytt til eksterne husleigeavtaler (hovudsakeleg ambulanse-stasjonar) og auka FDV-kostnader i SNR Kristiansund, er fordelt mellom dei klinikkane det gjeld. Endringar i basisramma/strategiske tilskot og øyremerka midlar som gjeld konkrete område/satsingar er og lagt til dei klinikkane og stabseiningane det gjeld.

Prognose for drifta i 2025 er eit krevjande utgangspunkt for budsjettarbeidet i klinikkane for 2026.

Tabellen under angir rammetrekk og andre reelle korrigeringar i rammeføresetnadene til klinikkane frå 2025 til 2026. Det samla omstillingsbehovet er om lag 410 mnok. Dersom 80% av omstillingskravet skal hentast ut på lønnsområdet, tilsvarar det ein reduksjon på til saman om lag 300 årsverk.

Pr. 10. desember er det spesifisert tiltak for 280 mnok i klinikkane, 10 mnok i stabsavdelingane og 27 mnok på fellesområda (medikament og IKT). Tiltak på fellesområda reduserer ikkje utfordringsbiletet for klinikkane, der det gjenstår behov for tiltak på om lag 123 mnok.

	Prognose klinikker 2025	Gen. eff - gevinst SNR 2026	Andre endringer 2026	Totalsum omstilling 2026	Spesifiserte tiltak pr. 10.12	Restutfordring pr. 10.12
Adm.dir - fellesavd.		10 000		10 000	- 37 000	
Klinikk for diagnostikk	- 15 000	12 900	22 000	19 900	- 19 900	-
Klinikk for drift og eieendom	23 000	3 600	4 700	31 300	- 31 300	-
Klinikk for kreft og rehab.	10 000	6 900	17 800	34 700	- 14 700	20 000
Klinikk for prehosp. Tenester	1 000	6 900	4 500	12 400	- 12 400	-
Klinikk for PH/TSB	- 4 000	30 900	9 100	36 000	- 36 000	-
Klinikk SNR	90 000	49 100	- 4 000	135 100	- 114 500	20 600
Klinikk Volda sjukehus	34 000	5 900	- 2 300	37 600	- 19 700	17 900
Klinikk Ålesund sjukehus	90 000	20 800	- 16 300	94 500	- 30 100	64 400
SUM	229 000	147 000	35 500	411 500	- 315 600	122 900

Det vises til vedlegg 1 for nærare omtale av status, utfordringsbilde og tiltak i kvar klinikk, samt for stabseiningane og fellesområde.

Strategiske tiltak for effektivitet, kvalitet og berekraft

For at klinikkane skal lukkast med omstilling må vi arbeide på nye måtar, og hente ut gevinstar frå både medisinsk, teknologisk, digital og bygningsmessig satsing og utvikling. Fleire område vart omtala i *sak 55/25 Økonomisk langtidsplan 2026–2031 for Helse Møre og Romsdal*, og blir kort gjengitt med nokre døme her.

Standardisering, effektivisering og reduksjon av uønskt variasjon

For å lukkast med omstillinga er det avgjerande å gjennomføre tiltak som frigjer tid for tilsette, reduserer eller fjernar unødvendige oppgåver og utløyser gevinstar som styrkjer drifta og gjer reduksjon av årsverk mogleg. Arbeidet skal byggje på prinsippa i «Kloke val», med vekt på å redusere overutgreiing, overbehandling og bruk av tenester med låg nytteverdi. Praksis skal standardiserast der dette er formåls-tenleg og fagleg forsvarleg.

Tiltaka skal utviklast og følgjast opp på tvers av klinikkane, med støtte og koordinering frå stabsavdelingane. Eit sentralt mål er å etablere meir einskapleg praksis i heile føretaket, slik at like oppgåver blir løyste på same måte uavhengig av klinikk. Dette krev systematisk gjennomgang av rutinar, felles retningslinjer og tydeleg styringsinformasjon.

Eit konkret døme er etableringa av felles henvisningsmottak for ortopedi og hud frå 1. desember 2025. Tiltaket skal gi meir effektiv og rett handtering av henvisningar, redusere variasjon i praksis og sikre betre ressursutnytting på tvers av klinikkar og lokalisasjonar, og prioritere dei rette pasientane i spesialisthelsetenesten.

Samtidig skal kostnadsreduksjon og effektivisering i minst mogleg grad påverke kvaliteten og pasientsikkerheita, som skal oppretthaldast.

Gjennom fagleg støtte til omstillingsarbeidet og tett samarbeid på tvers av klinikkar skal det utviklast berekraftige løysingar som møter både økonomiske krav og faglege mål. Dette inneber bruk av felles verktøy, styringsdata og metodikk for å sikre at endringane blir gjennomførte på ein strukturert og einskapleg måte.

Helseplattformen

Helseplattformen (HP) har potensial til å bidra stort med nødvendig omstilling i HMR.

Program brukarvenlegheit går i perioden 2025-2027 og jobbar etter 3 hovudspor; forbetring av løysinga inkludert kunstig intelligens (KI), opplæring i god bruk av løysinga og forankring og leiing. Eit særleg viktig tiltak er spesialitetssprintar, som blir godt motteke i fagmiljøa. HMR bør vidare fokusere på dei regionale gevinstmåla, som kan følgjast i sanntid på *Strategisk gevinstdashbord HMN* i løysinga. For HMR vil mellom anna følgjande tiltak kunne bidra til omstilling (det er mange fleire moglege tiltak tilgjengeleg):

Sjølvsbetaling for pasientane, såkalla mobil betalingsløysing, vil kunne frigjere mykje tid og arbeid for merkantile. Det pågår for tida regionale avklaringar for dette og arbeidet er høgt prioritert.

Sjølvsbooking av timar for pasientane vil på same måte kunne spare vårt personell for mykje arbeid og tid i samband med timebooking. Det blir truleg òg færre avbestillingar av time. Dette vil vere personellsparande og gi meir tid til andre viktige oppgåver.

KI-funksjonalitet i HP-løysinga vil kunne hjelpe helsepersonell med bl.a. koding av besøk /opphald, lage samandrag i journalen og generere epikrise. Dette vil både sikre inntekter til HMR og effektivisere arbeidskvardagen for særleg legar og behandlarar.

Digitalisering og ny teknologi

I styringsstrukturen for IT i Midt-Norge vil det i 2026 bli lagt ekstra vekt på forbetringar for tilsette og klinikkar når val og prioriteringar skal takast på alle nivå. Det blir viktig å prioritere nokre saker høgt for å sikre rask og god gjennomføring. Nokre konkrete døme som blir følgd særskilt opp:

“Tale til samandrag” med kunstig intelligens er eit lovande område der HMR har hatt pilot gjennom 2025. Helse Sør-Øst køyrer ein anbudsrunde i marknaden fram mot påsken i 2026 der Helse Midt (inkludert HMR) har opsjon. Det blir viktig å agere raskt i etterkant for å breie ut desse løysingane etter ein god plan som og er avstemt med avhengigheitar i journalsystemet.

Behovsstyrt oppfølging og andre digitale helsetenester har potensial til å redusere talet på polikliniske kontrollar og anna pasientoppfølging som vil effektivisere behandlinga for pasientane. Det blir jobba aktivt både i HMR og i Midt-Norge for å auke bruken av dette, i tråd med korresponderande oppdrag for 2025: “Alle stader det er hensiktsmessig skal helseføretaket intensivere arbeidet med å gå frå kalenderstyrt til behovsstyrt poliklinikk og ta i bruk digital heimeoppfølging.

Brukerorganisasjonene skal involveres via brukerutvalget. Rutiner og IKT-løsningar som skal benyttes i behovsstyrt oppfølging skal som hovedregel være regionale.”.

HR-faglege prioriteringar for omstilling og berekraftig drift, HMS

Økonomisk langtidsplan 2026–2031 viser eit omfattande behov for effektivisering og reduksjon i kostnader, særleg innan lønsområdet. For å nå krava i budsjett 2026 må den enkelte leiar sikre at bemanningsplanlegginga er i tråd med dei økonomiske rammene og at variable kostnader blir styrte stramt.

Samtidig må HMR handtere ein aukande risiko knytt til rekruttering og det å behalde kompetent personell. Dette er eit av dei mest kritiske risikoområda for føretaket kan påverka driftsevne, kapasitet og kvalitet.

I tillegg må HMS-perspektivet vere ein integrert del av omstillingsarbeidet. Endringar i bemanning, organisering og arbeidsprosessar må gjennomførast i samsvar med arbeidsmiljølova, forskrift, omstillingsrutinar og tariffavtalar. Dette er nødvendig for å sikre eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø gjennom heile omstillingsperioden, og er også ei føresetnad for berekraftig drift. Risikovurdering av arbeidsmiljøet er ein kontinuerleg prosess, og blir særleg viktig i endringar i bemanning, organisering og arbeidsprosessar.

Kvaliteten på arbeidsmiljøet er direkte knytt til gjennomføringsevne, kvalitet og pasienttryggleik. Dersom arbeidsbelastninga blir uforsvarleg eller involveringa utilstrekkeleg, aukar risikoen for feil, avvik, sjukefråvær og konflikhtar. Dette svekkjer både pasienttilbodet og evna til å gjennomføre nødvendige tiltak. Samstundes er dårleg arbeidsmiljø ein kostnadsdrivar gjennom høgare sjukefråvær, turnover og behov for innleige. For å nå dei økonomiske måla er det derfor nødvendig å jobbe systematisk for å redusere arbeidsrelatert fråvær og sikre gode prosessar med openheit og medverknad.

For å lykkast med omstilling og berekraftig drift må føretaket styrkje leiarskap på alle nivå. Leiarar må handtere krevjande prioriteringar, risiko og endringar i arbeidstilhøve. God leiing er avgjerande for å skape retning, sikre involvering og bygge tillit i endringsprosessane. Føretaket må ha sterkt fokus på kompetanseheving, støtte og arenaer for erfaringsdeling mellom leiarar, slik at leiarskap blir ein strategisk ressurs for kvalitet, pasienttryggleik og økonomisk berekraft. Leiarane treng god og koordinert støtte innan HR, HMS, fag, økonomi og styringsinformasjon. Prosessar som gjeld omstilling av personell må gjennomførast på ein trygg og ryddig måte med tett samarbeid med tillitsvalde og vernetenesta. Dette er nødvendig for å sikre legitimitet, redusere risiko for friksjon og skape framdrift i omstillingsarbeidet.

HMR må bruke felles metodikk og betre datagrunnlag når bemanning skal planleggjast. Opplæring i metodikk for aktivitetsbasert ressursplanlegging ("ARP") og nye styringsverktøy skal gjere leiarane betre rusta til å knytte bemanningsbehov opp mot aktivitet, krav til kvalitet, produktivitet og økonomiske ramar. Klinikane må tilpasse ressursbruken til rammene og sikre at variabel løn ikkje overstig den totale budsjetttramma.

Standardisert normert pleiefaktor på somatiske sengepostar skal gi eit felles styringsverktøy for dimensjonering av pleieårsverk og redusere uønskt variasjon i bemanning. Turnusar og vaktplanar må optimaliserast for å nytte ressursane best mogleg.

Bemanning skal alltid liggje innanfor krava til fagleg forsvarlegheit. Arbeidstid skal planleggjast slik at arbeidstakar ikkje blir utsett for uheldige fysiske eller psykiske belastningar. Dette blir operasjonalisert gjennom turnusplanlegging, forsvarlegheitsvurderingar og evaluering av turnusperiodar.

Føretaket må òg utnytte fagkompetansen meir fleksibelt, mellom anna gjennom arbeid på tvers av einingar, men også fag kor det er mogleg og nødvendig. Dette vil kunne styrkje kapasiteten i pasientnær verksemd, samt redusere sårbarheit. Det skal i 2026 jobbast for en tydelegare samanheng mellom aktivitetsbudsjett, bemanningsbudsjett og lønsbudsjett.

Sjukefråværet er for høgt og gir store konsekvensar for drift og kostnader. Målet om eit fråvær på høgst 7 prosent står fast. Suksess med nærværarbeid vil betre arbeidsmiljøet, styrkje kontinuiteten og gi betra økonomisk handlingsrom. Dette krev tett oppfølging, bruk av kjende verktøy og eit aktivt partssamarbeid. Rett oppgåvedeling er eit sentralt tiltak for å møte bemanningsutfordringane.

TØRN-metodikken skal gi ein strukturert måte å fordele oppgåver på, tilpasse kompetanse og behov. Dette kan frigjere kapasitet, styrkje helsefagarbeidarane og redusere behovet for nye stillingar. Gode prosessar, god leiing og risikovurdering av arbeidsmiljøkonsekvensar er nødvendig for å gjennomføre dette på ein forsvarleg måte.

Klinikkovergripande tiltak

Som en del av budsjettprosessen har det vore jobba med klinikkovergripande tiltak, og styret har og fått egne saker og orienteringar om nokre av desse områda.

Medikamentkostnader

Helse Møre og Romsdal har over fleire år arbeidd systematisk for å halde legemiddelkostnadene under kontroll. Sjølv om kostnadene til legemiddel har auka, har legemiddel som del av totalbudsjettet vore relativt stabile. Automatisk verkestofforskriving i Helseplattformen og eit tett samarbeid med Sykehusapoteket har bidrege til at rett avtalepreparat blir rekvirert i over 95 prosent av forskrivingane. Samstundes har kostnadene innan enkelte område auka betydeleg, særleg innan kreftbehandling. For H-reseptar ligg føretaket framleis over landsgjennomsnittet, driven av høgt forbruk av mellom anna immunglobulin og behandling av sjeldne sjukdommar. Ein del av kostnadsutviklinga kjem av forhold utanfor vår kontroll, som nasjonale anskaffingar, avtaleverk og innføring av nye metodar. Samla sett ligg kostnadene likevel høgare enn i fleire samanliknbare helseføretak, noko som gjer det nødvendig å identifisere ytterlegare interne tiltak.

Hausten 2025 har føretaket intensivert arbeidet med å få betre kontroll over legemiddelutgiftene. Bruken av dei mest kostnadskrevjande legemidla er gjennomgått, og dei aller fleste blir forskrivne innanfor rett indikasjon. Nokre område viser likevel potensial for forbetring, særleg knytt til bruken av immunglobulin, der det allereie er observert ein nedgang i kostnader. Det største potensialet for innsparing framover blir vurdert å vere meir systematisk revurdering av påbegynt behandling, inkludert tydelegare stoppkriterium og hyppigare vurdering av effekt og behandlingsbehov. Dette vil kunne sikre at pasientane får rett behandling til rett tid, og samstundes bidra til redusert ressursbruk.

Arbeidet med nye tiltak omfattar også styrkt samarbeid mellom legemiddelrådgivarar og økonomirådgivarar, samt auka bruk av verkestofforskriving for injeksjonslegemiddel. Føretaket planlegg å justere dagens arbeidsmetode og etablere ei tverrfagleg høgkostgruppe som skal arbeide systematisk på tvers av klinikkane og i tett samarbeid med dei andre helseføretaka og Sykehusapoteket i regionen. Vidare blir behovet for ei forbetra oppgjersavtale med Apotekforeininga vurdert, samstundes som det blir lagt større vekt på rutinar for erstatning ved legemiddelmangel, til dømes meir konsekvent bruk av andrevalspreparat.

Samla sett er det venta at tiltaka vil bidra til betre kostnadskontroll, høgare etterleving av innkjøpsavtalar og ei meir effektiv legemiddelforvaltning. Det er innarbeidd tiltak for om lag 25–30 mnok i 2026, fordelt mellom sjukehuslegemiddel og H-reseptar. Samstundes er det teke høgde for at utviklinga med nye kostnadskrevjande medikament, særleg innan kreftområdet, fortsett. Helseføretaka har og fått finansieringsansvar for nye medikament frå 2026.

Pleiefaktor somatiske sengeposter

Det er vedtatt standardiserte pleiefaktorar for dei somatiske sengepostane i HMR. Å planleggje ut frå pleiefaktor er eit kjent og operativt planverktøy i sjukehusdrift. Dette vil kunne gjere oss betre i stand til å dimensjonere grunnbemanning på ein konsistent og meir rettferdig måte på tvers av sengepostar og

sjukehusklinikkar, og det er i tråd med ambisjonen om systematisk og heilskapleg planlegging innan gitte økonomiske rammer. Pleiefaktor er en gjennomsnittsnorm for grunnbemanning; drift vil alltid variere, herunder pleietyngde. Det er viktig med en god aktivitetsanalyse og aktivitetsplan, slik at en sikrer en forsvarlig drift med de ressursene som er til rådighet. Det er behov for leiarstøtte og kompetanseheving i planlegging i samsvar med pleiefaktor, og det må utarbeidast konkrete rutinar og tydelegare kriterium for dagstillingar og andre spesielle bemanningsbehov, herunder driftkonsept på det einskilde sjukehus.

Effekten av dette tiltaket er langt på veg innarbeidd i dei klinikkvise budsjetta.

Reduksjon av kostnader til legeårsverk

Helse Møre og Romsdal har i dag ein relativt høg del legar samanlikna med andre helseføretak. Sidan 2019 har talet på legeårsverk auka med om lag 100. I tråd med føretaket sine omstillingskrav og budsjettprosess må legeårsverk no reduserast på lik linje med andre stillingsgrupper. Målet er å prioritere tiltak som i minst mogleg grad svekkjer pasienttilbodet eller rekrutteringssituasjonen.

Det er allereie gjennomført reduksjonar i legeårsverk på klinikknivå, både faste og variable. For å nå resultatkrava er det nødvendig med ytterlegare tiltak som involverer tenester mellom klinikkar.

Talet på LIS1-stillingar (tidlegare turnuslegar) har auka dei siste åra og vart ikkje redusert då føretaket gjekk frå fire til tre akuttsjukehus våren 2025. Det er no lagt til grunn ei nedskalering av LIS1-stillingar med verknad frå hausten 2026. Det blir etablert ei tverrgåande arbeidsgruppe som skal risikovurdere tiltaket og foreslå ei heilskapleg og berekraftig fordeling av LIS1-ressursar i HMR.

Det pågår og ei kartlegging av vaktordningane for å identifisere moglegheiter for å redusere dublerede funksjonar både i den enkelte klinikk og på tvers av klinikkar. Ved turnover og naturleg avgang vil ein og grundig vurdere om einskilde LIS2/3- og overlegestillingar skal erstattast, både i rekrutteringssvake og rekrutteringssterke fagområde. I tillegg ligg det til effektiviseringstiltak som strammare styring av variable lønnskostnader og innleige, samt betringar i pasientflyt og logistikk i poliklinikkane.

Den vidare prosessen omfattar utarbeiding av ein detaljert plan med konkrete måltal og tidslinje for reduksjon av legeårsverk, samt gjennomføring av risikoanalysar knytt til pasienttilbod, pasienttryggleik, rekruttering og utdanningsløp.

Fagmiljøa og dei tillitsvalde har allereie uttrykt uro. Det blir derfor avgjerande med brei involvering for å sikre god forankring, gjennomførbarheit og minst mogleg negativ påverknad på pasienttilbod, rekruttering og fagleg kvalitet.

Konsulentbistand i 2025

Deloitte har i 2025 gitt Helse Møre og Romsdal strategisk og operativ støtte i det økonomiske omstillingsarbeidet, særleg knytt til bemanning, pleiefaktor og struktur i somatiske tenester. Det vesentlegaste av arbeidet omfattar :

- Oppdatert gevinstanalyse og bemanningsgrunnlag for SNR.
- Kvalitetssikra bemanning og dimensjonering av dagkirurgi i Kristiansund.
- Analyser og forslag til pleiefaktorar, bemanningsmodell og arbeidsplanar i somatiske sengepostar.
- Benchmarking av kostnader, bemanning og produktivitet mot andre helseføretak.

- Gjennomført bemanningstilpassing ved kirurgisk sengepost, intensiv og akuttmottak i Volda.
- Støtte til vurdering av sengepoststruktur i Ålesund og behov for endringer i drift og kapasitet.
- Kartlegging av legevaktlinjer og intensivkapasitet samt innleiande arbeid i psykisk helsevern.

I det vidare arbeidet med uløyst utfordringsbilde for 2026 vil områda som ekstern konsulent peiker på bli fulgt opp.

Oppsummering status tiltak

Klinikkane har pr dato definert og synleggjort tiltak for om lag 280. I tillegg er det innarbeidd tiltak i stabseiningane og på fellesområda for til saman 37 mnok.

Klinikk	1-sifret konto	Antall tiltak	Omstilling	Uløst utfordring	Spesifiserte tiltak
Adm. dir. stab	Annen driftskostnad, av- og nedskrivning	1	0		-12 000 000
	Annen driftskostnad, av- og nedskrivning, fortsettelse	1	-1 000 000		-1 000 000
	Varekostnad	1	0		-15 000 000
	Lønnskostnad	1	-9 000 000		-9 000 000
Adm. dir. stab Totalt		4	-10 000 000	0	-37 000 000
Klinikk for diagnostikk	Annen driftskostnad, av- og nedskrivning	2	0		0
	Salgs- og driftsinntekter	12	-6 000 000		-6 000 000
	Varekostnad	13	-5 100 000		-5 100 000
	Lønnskostnad	9	-8 700 000		-8 700 000
Klinikk for diagnostikk Totalt		35	-19 900 000	0	-19 800 000
Klinikk for drift og eiendom	Annen driftskostnad, av- og nedskrivning	11	-11 400 000		-11 400 000
	Salgs- og driftsinntekter	5	-3 800 000		-3 800 000
	Varekostnad	3	-2 600 000		-2 600 000
	Lønnskostnad	13	-13 500 000		-13 500 000
Klinikk for drift og eiendom Totalt		32	-31 300 000	0	-31 300 000
Klinikk for kreftbehandling og rehabilitering	Annen driftskostnad, av- og nedskrivning	15	-700 000		-700 000
	Annen driftskostnad, av- og nedskrivning, fortsettelse	6	-100 000		-100 000
	Salgs- og driftsinntekter	7	2 500 000		2 500 000
	Varekostnad	10	-21 300 000	-20 000 000	-1 300 000
	Foretaksinternt kjøp/salg	1	-1 700 000		-1 700 000
	Lønnskostnad	20	-13 400 000		-13 400 000
Klinikk for kreftbehandling og rehabilitering Totalt		59	-34 700 000	-20 000 000	-14 700 000
Klinikk for prehospitaltjenester	Lønnskostnad	3	-12 400 000		-12 400 000
Klinikk for prehospitaltjenester Totalt		3	-12 400 000	0	-12 400 000
Klinikk for psykisk helse og rus	Lønnskostnad	1	-36 000 000		-36 000 000
Klinikk for psykisk helse og rus Totalt		1	-36 000 000	0	-36 000 000
Klinikk sjukehuset i Nordmøre og Romsdal	Annen driftskostnad, av- og nedskrivning, fortsettelse	54	-4 300 000		-4 300 000
	Salgs- og driftsinntekter	1	-18 000 000		-18 000 000
	Varekostnad	8	-40 700 000	-20 600 000	-20 100 000
	Lønnskostnad	62	-72 100 000		-72 100 000
Klinikk sjukehuset i Nordmøre og Romsdal Totalt		125	-135 100 000	-20 600 000	-114 500 000
Klinikk Volda sjukehus	Varekostnad	1	-2 200 000		-2 200 000
	Lønnskostnad	15	-35 400 000	-17 900 000	-17 500 000
Klinikk Volda sjukehus Totalt		16	-37 600 000	-17 900 000	-19 700 000
Klinikk Ålesund sjukehus	Annen driftskostnad, av- og nedskrivning, fortsettelse	1	100 000		100 000
	Salgs- og driftsinntekter	1	500 000		500 000
	Varekostnad	9	-9 300 000	-4 000 000	-5 300 000
	Foretaksinternt kjøp/salg	1	-600 000		-600 000
	Lønnskostnad	39	-85 200 000	-60 400 000	-24 800 000
Klinikk Ålesund sjukehus Totalt		51	-94 500 000	-64 400 000	-30 100 000
Totalsum		326	-411 500 000	-122 900 000	-315 500 000

Klinikkane har i varierende grad og lukkast i å ta ned årsverk og dermed lønnskostnader slik det var føreset for budsjettarbeidet. Det er førebels krevjande å framstille ei samla oversikt over tiltak knytt til reduksjon i årsverk. Spesifiserte tiltak innafor lønnsområdet utgjør om lag 190 mnok, noko som inneber ein reduksjon tilsvarende om lag 180 årsverk.

Dei økonomiske utfordringane er spesielt store i dei tre sjukehusklinikkane og i Klinikk for drift og eigedom, som har dei største negative avvika i 2025. I tillegg har Klinikk for kreft og rehabilitering uløyste budsjettutfordringar knytt til forventning om framleis høg utvikling av medikamentkostnader på kreftområdet. Dette vil vi sjå opp mot reserveavsetning på fellesområdet i 2026.

I Klinikk for prehospitaltjenester og i Klinikk for psykisk helse og TSB er det lagt til grunn at det kan bli naudsynt med strukturelle tiltak for å nå budsjetttramma. Styret vil få eige saker knytt til avgjerd om strukturelle tiltak.

Medvirkning i budsjettprosessen

Samarbeid med tilsette sine organisasjonar og vernetenesta er særskild viktig i den krevjande situasjonen føretaket er i, med store økonomiske avvik på klinikknivået. Alle klinikkar, avdelingar og seksjonar har derfor, i litt ulikt omfang, hatt ordinære samarbeidsråd og ekstra samarbeidsråd for å diskutere og ha dialog med partane om utfordringsbildet. Det er krevjande for både organisasjonane og vernetenesta å vere konkret på aktuelle tiltak. Leiarlinja har heile hausten vore opptatt av å vere ærleg med kva økonomiske utfordringar vi står i, og kva krav vi har til økonomisk balanse i drifta.

Slik har leiarlinja søkt å bidra til at organisasjonane og vernetenesta på alle nivå har tilstrekkeleg fakta til å informere om og diskutere alternative tiltak med sine kollegaer og medlemmar.

Det har vore medvirkning frå partane både i klinikkane som skildra over, og på foretaksnivå, løpande gjennom heile hausten 2025. Der har det mellom anna og vore orientert overordna om tiltak i kvar klinikk, samt prosess. Det er særskild viktig at partane har ei felles forståing av den økonomiske utfordringa for Helse Møre og Romsdal.

Særskilte utviklingsprosjekt

SNR Hjelset

Det store utviklings- og omstillingsprosjektet for Helse Møre og Romsdal i 2025 har vore innflytting og ibruktaking av det nye akuttsjukehuset på Hjelset. Dette har påverka drifta i stor grad, både med førebuing, innkøyring og løpande ibruktaking fram til mai 2025. Etter kvart har drifta normalisert seg, men framleis er aktiviteten for låg og driftskostnadene for høge. Dei økonomiske rammene til dei klinikkane som er forventa å få gevinstar i drifta er redusert med 47 mnok i 2026. Investeringsprosjektet på Hjelset går no mot ei avslutning.

SNR Kristiansund

I statsbudsjettet for 2026 er det løyvd nye 26,9 mill. kroner i øymerka midlar til Kristiansund. Dette er tredje året med tilskot, og dermed er finansieringa som skal legge til rette for nødvendige investeringar for å flytte det poliklinisk tilbod innan psykisk helsevern for vaksne frå Solhagen til DMS Kristiansund på plass. Dei samla øymerka midlane for 2024, 2025 og 2026 ligg inne i investeringsbudsjettet for 2026.

Plana var å starte opp arbeidet i 2025, men ein har avventa kommunen sitt arbeid med å planlegge og forplikte seg til å ta sine planlagde funksjonar inn i bygget. Det vil bli gjort ei ny vurdering rundt oppstart når endeleg avklaring frå kommunen føreligg. Det er ikkje budsjettert med andre investeringsmidlar i 2026 til ombygging av DMS Kristiansund, da ombygging til psykisk helsevern er prioritert som første delprosjekt.

HMR er i en krevjande økonomisk situasjon og er ikkje i posisjon til å prioritere bygningsmessige investeringar utover det som er heilt nødvendig for å sikre eigen planlagt drift ved SNR Kristiansund.

AIO Ålesund sjukehus

Det er budsjettert med 421 mill. kroner til AIO-prosjektet i Ålesund i 2026. AIO-prosjektet (Akutt, Intensiv og Operasjon) representerer ei strategisk satsing for å sikre at Ålesund sjukehus møter dagens og morgondagens krav til funksjonalitet, kapasitet og kvalitet i pasientbehandlinga. Ved å kombinere nybygg og rehabilitering av gamal bygningsmasse får vi eit meir effektivt, moderne og pasientvenleg sjukehus.

Råbygget er no i slutfasen og etter plana vil en starte med det innvendige arbeidet i februar 2026. Byggeprosjektet er planlagt ferdigstilt i løpet av 2027 og i november 2027 er det planlagt pasientbehandling i nye tilrettelagte lokale. Priskorrigert P- 85 ramme for prosjektet er 1,371 mrd. kroner i oktober 2025-kroner.

Risiko – samla vurdering

Klinikkane og stabs- og fellesområda har førebels definert tiltak for om lag 315 mnok. For at budsjettet på klinikknivå skal være realistisk med omsyn til forventa tiltaksopptak, er det naudsynt å jobbe vidare med tiltak for ytterlegare om lag 120 mnok for 2026.

Den største risikoen i budsjettet for 2026 er at vi ikkje lukkast med å gjennomføre dei naudsynte reduksjonane i lønnskostnader, knytt til både faste og variable stillingar samt variable tillegg. Samtidig som vi skal redusere årsverk, er det lagt opp til ei vidareføring av aktivitetsnivået i klinikkane. Dette er og ein risiko.

Der er ein generell risiko knytt til naudsynt gjennomføringskraft for endring og omstilling.

Når det gjeld SNR Hjelset er risikoen særleg høg knytt til at alle klinikkane med drift i det nye sjukehuset lukkast med å hente ut gevinstar frå nye driftskonsept, nye teknologiske og digitale løysingar og nytt medisinsk-teknisk utstyr, samt gevinstar knytt til samling av funksjonar.

Når det gjeld Helseplattformen er det framleis risiko knytt til tilstrekkeleg og tidleg nok utbetring av løysinga, slik at det nye journalsystemet ikkje går ut over aktiviteten, effektiviteten og ressursbruken i klinikkane i 2026, samt sikrer at helseføretaka får riktige pasientrelaterte inntekter.

Det er ein risiko for at vi ikkje lukkast i å kome opp på det same aktivitetsnivået som HMR hadde før innføring av HP utan bruk av ekstra bemanning. Dersom aktiviteten skulle bli lågare over tid er det ein risiko for å ikkje nå inntektsføresetnadene i budsjettet, og for at vi ikkje oppnår måla i Ventetidsløftet om redusert ventetid og bortfall av fristbrot i HMR.

Rekrutteringsutfordringar gjer at føretaket blir sårbart innanfor enkelte fagområde, og at ein vil måtte nytte innleige frå byrå for å oppretthalde tilbod og ivareta pasienttryggleiken. Dette gjeld særleg spesialistar, men og anna nøkkelpersonell. Krava til omstilling gjer rekruttering ekstra krevjande.

Gjennomsnittleg sjukefråvær har vore på 8,5 % i 2025, noko som fører til behov for ekstra innleige og bruk av vikarar. Måltalet er at ein skal ligge under 7 %. Det er jobbast kontinuerleg med konkrete tiltak knytt til nærværarbeid, men samla for HMR er sjukefråværet framleis for høgt.

Utskrivingsklare pasientar er og ein risiko i budsjettet for 2026. Desse er ressurskrevjande og tek tidvis opp mykje kapasiteten ved sengepostane.

Dersom vi ikkje lukkast med å gjennomføre tilstrekkeleg med tiltak, vil det og utfordre likviditet i høve avsett ramme til investeringar som finansierast av basisramma.

Budsjett 2026 - hovedpost

Tabellen under viser det totale budsjettet for HMR på hovedpostnivå for 2025 og 2026, samt prognose for 2025.

Tall i 1000 kroner	Budsjett 2025	Prognose 2025	Budsjett 2026	Endring B25-B26
Salgs- og driftsinntekter	-8 982 900	-9 652 000	-9 543 100	-560 200
Varekostnad	1 499 700	1 626 700	1 604 100	104 400
Lønnskostnad	5 877 900	6 583 100	6 080 800	202 900
Annen driftskostnad, av- og nedskrivning	1 730 300	1 766 100	1 918 400	188 100
Finansinntekt og kostnad	171 900	217 000	339 700	167 800
Totalt	297 000	541 000	400 000	103 000

Det vises til omtale av endra kostnadsbilete frå 2025 til 2026 tidlegare i saka. Budsjettet som førebels er avstemt gjev dette resultatet for 2026 fordelt mellom hovudpostar. Det kan kome endringar mellom hovudpostane i det endelege arbeidet med å ferdigstille detaljbudsjettet for 2026. Kostnader knytt til løns- og prisvekst utgjør ein stor del av endringane frå 2025 til 2026.

Når det gjeld den store endringa mellom Budsjett 2025 og Prognose 2025 for sals- og driftsinntekter og lønskostnader, er ein stor del knytt til endra pensjon i saldert statsbudsjett for 2025.

Aktivitet DRG somatikk

I statsbudsjettet for 2026 er det på nasjonalt nivå lagt opp til ein aktivitetsvekst på 1,4%, medan det var føreset ein aktivitetsvekst på 1,2% i ØLP. Oppdatering i den nasjonale inntektsmodellen basert på utvikling i befolkning og behov gjev en reduksjon i ramma til HMN. Den reelle aktivitetsveksten ligg derfor nært estimatet som var lagt til grunn i ØLP for HMN samla.

Tabellen under viser fordelinga av DRG-poeng mellom helseføretaka i regionen når det gjeld somatikk, jf. pkt. 3 i vedtaket i *sak 166/25 Budsjett 2025 Helse Midt-Norge* i styret i HMN.

DRG-poeng (somatikk)	HMR	HNT	STO	RHF	SUM
Aktivitetsbestilling 2026 - sørge for somatikk	77 409	39 641	134 224	3 386	254 660

Aktivitetsbestillinga er basert på prognose for DRG-poeng (somatikk) i 2025 korrigert for endringar i behov. HMR har rapportert lågare aktivitet som følgje av innflytting og ibruktaking av nytt akuttsjukehuset gjennom heile 2025.

Samanlikna med aktivitetsbestillinga for 2025, er bestillinga for 2026 om lag 2300 DRG-poeng lågare. Samanlikna med prognosen for aktivitet i 2025, er bestillinga for 2026 om lag 430 DRG-poeng lågare.

Aktivitetsbudsjettet i klinikkane for 2026 byggjer på budsjett/prognose for aktivitet i 2025. Som tabellen viser er det planlagt at Klinikk SNR poeng skal auke aktivitet og produktivitet i 2026. Dei andre klinikkane vidarefører aktiviteten i 2025.

	Budsjett	Prognose	Budsjett
DRG-poeng	2025	2025	2026
Somatikk	78 927	77 839	80 015
Prykiatri og rus	32 462	33 230	33 313
Totalt	111 389	111 069	113 328

Likviditet

Den negative økonomiske utviklinga har stor påvirkning på likviditetssituasjonen. I 2025 har HMR teke opp eit likviditetslån hos HMN på 400 mnok. I 2026 er det i samråd med HMN lagt til grunn at HMR må ta opp ytterlegare 500 mnok i likviditetslån gjennom året. Likviditetslåna er avdragsfrie i 2027 og 2028, men det løper renter på låna.

Helse- og omsorgsdepartementet la fram endringar i statsbudsjettet for 2025 den 21. november. For helseføretaka gjeld endring i løyving i all hovudsak oppdaterte anslag på pensjon. Det er relativt store endringar som følgje av regelendringar for særaldersgrense som er kostnadsreducerande, og ny offentlig AFP som er ein klart dyrare ordning enn tidlegare. Helse Midt-Norge har fått ei auke i basisramma på 1,824 mrd. kroner til dekning av økte pensjonskostnader i 2025. Midlane vert fordelt etter inntektsmodellen i regionen. Endring i basisramme til auka pensjonskostnader og endring i betalt premie gir grunnlag for justering av driftskredittramme til sjukehusføretaka. Resultateffekten av endring i pensjonskostnad og basisramme har ikkje likviditetseffekt for sjukehusføretaka. Driftskredittramme til HMR blir redusert frå 1 376 mnok til 680,7 mnok.

Tilgjengeleg likviditet på slutten av 2025 er noko lågare enn budsjett, 116 mnok mot 174 mnok i budsjett.

Opptak av lån i 2026 er fordelt som i tabellen under. Låna er periodisert etter likviditetsbehov ut over året.

	Budsjett
Tall i 1 000 kroner	2025
AIO HOD	341 900
AIO Basis HMN	80 000
Likviditetslån HMN	500 000
Totalt	921 900

I tillegg til likviditetslån frå HMN på til saman 500 mnok, tek ein opp 421,9 mnok i lån knytt til AIO prosjektet i Ålesund. Dette er i tråd med pådrag i prosjektet i 2026.

Med desse forutsetningane, og med 100% tiltaksoppnåing, vil HMR å ha ein tilgjengeleg likviditet på om lag 200 mnok ved slutten av 2026. Det er høg risiko knytt til føresetnadene, og dermed høg risiko knytt til om 500 mnok i likviditetslån/likviditetstilførsel er tilstrekkeleg i 2026. Dette gjeld både manglande tiltaksoppnåing, men og periodisering av inntekter sett opp mot utbetaling av kostnader (pensjon, arbeidsgiveravgift, merverdiavgift mm).

I 2026 er det budsjetttert med nye investeringar på 70 mnok for bygg og 82 mnok for medisinteknisk utstyr (MTU). Desse investeringane er ikkje er lånefinansiert, men finansierast av basisløyvinga. Det er og budsjetttert med ombygging ved DMS Kristiansund på om lag 75 mnok, der heile investeringa er finansiert av øyremerka midlar i 2024, 2025 og 2026. Det er og forventa noko overheng frå SNR Hjelset inn i 2026. I tillegg er det budsjetttert med 29 mnok i eigenkapitalinnskudd til KLP.

Administrerende direktør vil kome attende til styret med ein nærare utgreiing om forventa likviditetsutvikling i 2026 etter at detaljbudsjettet for 2026, inkl. alle periodiseringar, er ferdigstilt. Likviditetsutviklinga vil bli fulgt tett opp, og det vil vere naudsynt med tett dialog med HMN.

Investeringar

Det er budsjettet med følgjande investeringar i 2026:

Tall i 1 000 kroner	Budsjett 2026
Bygningmessige investeringar, vedlikehold og HMS	70 000
SNR / SNR Kristiansund (P-101916)	98 070
AIO Ålesund (P-103700) - inkl. byggelånsrenter	455 378
Ortopedi Kristiansund	3 000
MTU	82 000
Totalt	708 448

Tabellen syner forventa investeringsnivå for 2026 knytt til dei ulike investeringane. Til trass for den særskilte likviditetssituasjonen HMR er i, er det ikkje tilrådeleg å redusere investeringsnivået ytterlegare knytt til bygningmessige investeringar og MTU.

Over 50% av løyvinga til bygningmessige investeringar i 2026 vil gå til utbetring av ny analyselinje ved Volda sjukehus, noko som er ein føresetnad før utskifting av nye analysemaskiner kan skje. Investeringa er avgjerande for å oppretthalde akuttilbodet ved sjukehuset. Andre prioriterte investeringar i 2026 er nytt slukkeanlegg på helikopterbasen i Ålesund (krav knytt til SAR Queen helikopter), tette bygg, HMS-utbetringar og infrastruktur og havari.

MTU-utvalet følgjer opp midlane løyvd til MTU løpande. Dei blir styrt etter vedteke MTU-budsjett og prioriteringsmodell, og leiargruppa vurderar MTU-investeringane sett opp mot den totale økonomiske situasjonen. I 2026 er det ny CT i Volda (21 mnok) og oppgradering av MR i Ålesund (11 mnok) som er dei største investeringane. Fleire ultralydapparat må skiftast ut og så skal det flyttast ein røntgenlab frå Kristiansund til Ålesund. I tillegg er det sett av 25 mnok til samanbrot på MTU og basis- og grunnutstyr. I 2027 vil nesten alle tilgjengelege MTU-midlar som er avsett i økonomisk langtidsplan gå til naudsynte investeringar som følgje av AIO, men som ikkje er en del av prosjektet, mellom anna utstyr til ny sterilsentral og utstyr til hybridstove. I 2028 og 2029 vil utskifting av ei strålemaskin kvart av åra krevje store delar av løyvinga desse åra.

Når det gjeld ombygging av nye lokale til vaksenpsykiatrisk poliklinikk og AIO vises det til omtale under kapitlet om likviditet. Merk at byggelånsrenter inngår i talet for AIO i tabellen over investeringar.

Administrerende direktør vurdering

Helse Møre og Romsdal er i ein svært krevjande økonomisk situasjon. Store investeringar bygg, infrastruktur, medisinsk-teknisk utstyr og IKT dei seinare åra gjer at Helse Møre og Romsdal må vri ressursbruken frå lønnskostnader til finansiering av kostnader knytt til desse satsingane. Vi er derfor heilt avhengig å lukkast med å ta ut økonomiske gevinstar knytt til satsingane.

Budsjettet for 2026 er lagt med føresetnad om eit resultatkrav på –400 mnok, noko som inneber naudsynt effektivisering og omstilling på om lag 410 mnok i 2026. Omstillinga må som vist i økonomisk langtidsplan fortsette i 2027, 2028 og 2029, før HMR nærmar seg eit driftsnivå i samsvar med dei økonomiske rammene. Dette vil utfordre både prioritering og struktur.

Føresetnadene for budsjettarbeidet for 2026 er at klinikkane skal tilpasse driftsnivået til dei økonomiske rammene for kvar klinikk, innafor strukturen med tre akuttsjukehus og elektiv drift i Kristiansund. HMR skal ha ei berekraftig drift og utvikling, utan vesentleg behov for å leige inn nøkkelpersonell for å oppretthalde pasienttilbodet. Det er tydelege føringar om at det samla årsverksforbruket i HMR skal reduserast.

Budsjettet for HMR er bygd opp «nedanfrå og opp», gjennom eit omfattande budsjett- og tiltaksarbeid i klinikkane. Klinikkane har til no identifisert tiltak for om lag 280 mnok. Det betyr at tiltak for om lag 120 mnok førebels er uspesifisert innanfor klinikkane sine rammer. I tillegg er det innarbeidd tiltak for 37 mnok i stab- og fellesavdelingar. Til saman er det til no identifisert tiltak for til saman 315 mnok for 2026.

Restutfordringa på 120 mnok er bekymringsfull, og det jobbast vidare med tiltak som skal redusere denne. Vi må arbeide på nye måtar, og hente ut gevinstar frå både medisinsk, teknologisk, digital og bygningsmessig satsing og utvikling. Vi må lukkast i å ta ned årsverk innanfor alle stillingskategorier, både gjennom generell effektivisering og som forventa gevinstar av dei store satsingane. Vi må levere planlagt aktivitet, produktiviteten må opp, og uønskt variasjon må ned.

Dette er det mest krevjande budsjettet i føretaket si historie, og gjennomføringskraft i heile organisasjonen blir avgjerande. Den største risikoen er at vi ikkje klarer å ta ned lønnskostnadene raskt nok. Dersom stillingsreduksjonar, vakante stillingar, endra vaktstruktur og reduksjon i innleige ikkje blir gjennomført fullt ut, vil budsjettet sprekke. Så langt har to av klinikkane synleggjort behov for meir strukturelle tiltak for å få budsjettet i balanse. Desse prosessane vil ta tid, og administrerande direktør vil kome attende til styret med saker som er knytt til strukturendringar.

Sjukefråværet er for høgt, rekrutteringssituasjonen utfordrar fleire fagområde, og medikamentkostnadene – særleg innan kreft – kan utvikle seg vesentleg høgare enn ramma. Utskrivingsklare pasientar bind store ressursar, og ytterlegare press på sengepostar kan svekke både beredskap og pasientflyt.

Kommunane er ein avgjerande samarbeidspartner, der vi saman må styrke samarbeidet for å sikre god pasientflyt, redusere talet på utskrivingsklare pasientar og leggje til rette for felles, berekraftige pasientforløp. Dette samarbeidet er ein føresetnad for fagleg kvalitet, pasienttryggleik og økonomisk berekraft.

Det har vore medvirkning med partane både i klinikkane og på foretaksnivå, løpande gjennom heile hausten 2025. Det er særst viktig at partane har ei felles forståing av situasjonen, og behov for prioritering og tiltak, når den økonomiske utfordringa er så stor som den er for Helse Møre og Romsdal.

Administrerande direktør vurderer at budsjettet som leggjast fram for styret i denne saka er godt gjennomarbeidd, men at det gjenstår ei høg restutfordring. Gjennomføringsrisikoen er høg, og vi er heilt avhengig av at det leverast kontinuerleg og kraftfull styring i heile organisasjonen gjennom heile 2026. Det vil vere nødvendig med tett rapportering, raske korrigeringar og sterkt leiarskap på alle nivå. Manglande gjennomføring av tiltak vil løpande måtte kompensast med nye tiltak.

Parallelt med kontinuerleg og tett oppfølginga av drifta i 2026, vil administrerande direktør prioritere arbeidet med omstillingsplan for berekraftig drift i langtidsperioden.

Vedlegg

Sammendrag av budsjettnotater frå klinikkane samt tiltak i stab og på fellesområder

Sammendraga for kvar klinikk byggjer på tilbakemelding frå klinikksefane levert 1. desember 2025. Samla status og utfordringsbilde i kvar klinikk er vist i tabellen under. Klinikane har eit samla utfordringsbilde når ein tek utgangspunkt i prognose for 2025, generelt krav til effektivisering samt gevinstar i SNR og nye kjente endringar i 2026 på til saman vel 400 mnok. Stabsavdelingane har eit utfordringsbilde på 10 mnok. Til no har klinikkane spesifisert tiltak for om lag 280 mnok og stabseiningane har spesifisert tiltak for 10 mnok. Det er i tillegg spesifisert og lagt til grunn tiltak på fellesområdet (medikament og IKT) på til saman 27 mnok.

Ut frå dette gjenstår det behov for tiltak på minimum 123 mnok i klinikkane.

	Prognose klinikker 2025	Gen. eff - gevinst SNR 2026	Andre endringer 2026	Totalsum omstilling 2026	Spesifiserte tiltak pr. 10.12	Restutfordring pr. 10.12
Adm.dir - fellesavd.		10 000		10 000	- 37 000	
Klinikk for diagnostikk	- 15 000	12 900	22 000	19 900	- 19 900	-
Klinikk for drift og eigedom	23 000	3 600	4 700	31 300	- 31 300	-
Klinikk for kreft og rehab.	10 000	6 900	17 800	34 700	- 14 700	20 000
Klinikk for prehosp. Tenester	1 000	6 900	4 500	12 400	- 12 400	-
Klinikk for PH/TSB	- 4 000	30 900	9 100	36 000	- 36 000	-
Klinikk SNR	90 000	49 100	- 4 000	135 100	- 114 500	20 600
Klinikk Volda sjukehus	34 000	5 900	- 2 300	37 600	- 19 700	17 900
Klinikk Ålesund sjukehus	90 000	20 800	- 16 300	94 500	- 30 100	64 400
SUM	229 000	147 000	35 500	411 500	- 315 600	122 900

Klinikk for diagnostikk

Klinikken har ei samla bruttoramme på 613 mnok i 2025, og ei positiv prognose for året på om lag 15 mnok. Klinikken har fått eit rammetrekk på 12,9 mnok i 2026, og i tillegg vil den ta over det økonomiske ansvaret for finansiering av transport av laboratorieprøver frå Klinikk for drift og eigedom. Dersom desse kostnadene blir på nivå med prognosa for 2025, inneber endringa ei ytterlegare innstramming på vel 2 mnok.

Drifta i 2025 har vore prega av innflytting i SNR for delar av klinikken. Nytt MTU har gitt positive effektar, men krev mykje kompetanse og tid i innkjøringsfasen. Klinikken har tatt ut gevinstar knytt til SNR både gjennom reduksjon i stillingar (5 stillingar), effektivisering og reduserte varekostnader. Det er utfordringar knytt til rekruttering av radiologar, men og radiografar og bioingeniørar, samt at sjukefråværet i klinikken er for høgt. Drifta er framleis prega av Helseplattformen (Radiant - radiologi). Aktiviteten har no kome opp igjen, men kostnadene pr. undersøking er høgare enn tidlegare. Gamalt utstyr har ført til nedetid, særleg i Volda som var utan CT ein periode. Den største utfordringa er å rekruttere og behalde legespesialistar og LIS-legar, spesielt innan radiologi. Mangelen har ført til høgt forbruk av innleige.

Ei stor økonomisk utfordring for klinikken i 2026 er at den forventar redusert inntekt for medisinsk mikrobiologi på om lag 15 mnok samanlikna med 2025. Dette skuldast både ei forventning om lågare smittestatus i befolkinga og endra metode som gjer at ein reduserer talet på analyser pr. prøve.

På bakgrunn av prognose for 2025, rammetrekk og andre kjente endringar for 2026, er det totale utfordringsbildet i klinikken 19,9 mnok.

Klinikken har innarbeidd spesifiserte tiltak for heile utfordringsbildet innanfor følgjande tiltakskategoriar i budsjettet for 2026, fordelt på 35 tiltak:

Klinikk	1-sifret konto	Antall tiltak	Totalsum tiltak	Uløst utfordring
Klinikk for diagnostikk	Annen driftskostnad, av- og nedskrivning	2	0	
	Salgs- og driftsinntekter	12	-6 000 000	
	Varekostnad	13	-5 100 000	
	Lønnskostnad	9	-8 700 000	
Klinikk for diagnostikk Totalt		35	-19 900 000	0

For 2026 er stillingsplanar gjennomgått, og klinikken tek ut effektar av SNR i tillegg til andre tiltak innanfor lønsområdet. Nye tiltak som jobbgilding og innføring av sonografar skal redusere kostnader og styrke drift. Klinikken forventar og auka inntekter for klinisk mammografi etter utbetring av løysing i Helseplattformen.

Risiko: Klinikken er sårbar for fråvær. Gamalt utstyr aukar risiko for driftsstans. Tiltak kan vere å redusere eller stenge tilbod ved bemanningsmangel. Budsjettet er svært stramt, og risikoen er vurdert som middels.

Klinikk for drift og eigedom

Klinikken har ei samla bruttoramme på 451,3 mnok i 2025, og ei negativ prognose for året på om lag 23 mnok. Klinikken har fått eit generelt rammetrekk på 3,6 mnok i 2026. Det økonomiske ansvaret for finansiering av transport av laboratorieprøver er overført til Klinikk for diagnostikk. Dersom kostnadene blir på nivå med prognosa for 2025, inneber endringa ein reell kostnadsreduksjon for klinikken på vel 2 mnok. Klinikk for drift og eigedom har fått tilført ramme knytt til auka FDV-kostnader SNR og auka eksterne husleigekostnader. Desse endringane skal vere eit nullsumspel.

Drifta i 2025 har vore prega av innflytting og ibruktaking av SNR Hjelset. Deler av året har det vore drift på fem sjukehuslokasjonar samtidig. Ny bygningsmasse og nye driftskonsept er ikkje fullt ut finansiert i 2025, og klinikken nyttar driftsressursar både knytt til SNR Hjelset og AIO i Ålesund. Klinikken har og svikt på inntektssida i 2025 og meirkostnader knytt til løn og andre driftskostnader, mellom anna kommunale avgifter.

På bakgrunn av prognose for 2025, rammetrekk og andre kjente endringar for 2026, er det totale utfordringsbildet i klinikken 31,3 mnok.

Klinikken har innarbeidd spesifiserte tiltak for heile utfordringsbildet innanfor følgjande tiltakskategoriar i budsjettet for 2026 fordelt på 32 tiltak:

Klinikk	1-sifret konto	Antall tiltak	Totalsum tiltak	Uløst utfordring
Klinikk for drift og eiendom	Annen driftskostnad, av- og nedskrivning	11	-11 400 000	
	Salgs- og driftsinntekter	5	-3 800 000	
	Varekostnad	3	-2 600 000	
	Lønnskostnad	13	-13 500 000	
Klinikk for drift og eiendom Totalt		32	-31 300 000	0

Tiltak i klinikken for 2026 er knytt til reduserte lønnskostnader ved at talet på stillingar blir varig redusert. Klinikken vil få lågare driftskostnader knytt til mellom anna avfallshandtering og energi. Innafor ramma har klinikken lagt eit meir realistisk budsjett til grunn for inntekter samanlikna med 2025.

Klinikken forventar etter gjennomført risikovurdering høg måloppnåing på svært mange av tiltaka, også sett i samanheng med at klinikken si ramme er styrka knytt til FDV-kostnader SNR både på Hjelset og i Kristiansund.

Klinikk for kreftbehandling og rehabilitering

Klinikken har ei samla bruttoramme på 422 mnok i 2025, og ei prognose for negativt avvik på 10 mnok. Avviket i 2025 er utelukkande knytt til avvik på medikamentkostnader. Klinikken har fått eit rammetrekk på 6,9 mnok i 2026. Samstundes er ramma til klinikken styrka med 20 mnok knytt til medikament, jf. revidert ØLP, samt at 6 mnok av frigjort ramme frå Aure og er nytta til styrking av medikamentbudsjettet. Utfordringsbildet til klinikken, før det er teke omsyn til at medikamentkostnadene venteleg vil fortsette å auke i 2026, er 14,7 mnok.

Drifta i klinikken i 2025 er prega av stor aktivitet og omstilling. Klinikken har hatt nedgang i årsverk siden 2019. Totalt har den redusert med om lag 36 netto årsverk frå 2019 til 2025.

Aure rehabiliteringssenter vart avvikla 1. februar 2025 og pasienttilbodet blei flytta til Ålesund. Planlegging og innflytting i SNR har og teke mykje ressursar, men klinikken har lukkast med å levere aktivitet over plan. Det har vore gjennomført organisatorisk endringar innan hud og merkantile tenester. Klinikken har lukkast med behovsstyrte poliklinikkar, innføring av teledermatologi og KI-driven dokumentasjon innan fleire fagområde. Klinikken rekrutterer godt innan fleire utfordringsområde, har teke ned faste årsverk og har gevinstar knytt til jobbgilding. Innan kreftbehandling aukar kompleksiteten med avanserte metodar og lengre pasientforløp, noko som krev meir onkologisk kompetanse. Tiltak som rekrutteringsplan for SNR og auka sengekapasitet i Ålesund har vore avgjerande for å oppretthalde aktiviteten, og skape bærerkraft fram i tid.

På bakgrunn av prognose for 2025, rammetrekk og andre kjente/forventa endringar for 2026, er det totale utfordringsbildet i klinikken 34,7 mnok. Av dette utgjør forventa auke i medikamentkostnader ut over kompensert medikamentbudsjett for klinikken 20 mnok.

Klinikken har innarbeidd spesifiserte tiltak for utfordringsbildet (ekskl. auka medikamentkostnader) på 14,7 mnok innanfor følgjande tiltakskategoriar i budsjettet for 2026 fordelt på 59 tiltak:

Klinikk	1-sifret konto	Antall tiltak	Totalsum tiltak	Uløst utfordring
Klinikk for kreftbehandling og rehabilitering	Annen driftskostnad, av- og nedskrivning	15	-700 000	
	Annen driftskostnad, av- og nedskrivning, fortsettelse	6	-100 000	
	Salgs- og driftsinntekter	7	2 500 000	
	Varekostnad	10	-21 300 000	-20 000 000
	Foretaksinternt kjøp/salg	1	-1 700 000	
	Lønnskostnad	20	-13 400 000	
Klinikk for kreftbehandling og rehabilitering Totalt		59	-34 700 000	-20 000 000

Tiltaka er knytt til heilårseffekt av nedlegging av Aure, korrigert for styrking av kreftområdet og omdisponering til medikamentbudsjettet. Samla tiltak knytt til lønsområdet utgjør 15 årsverk. Klinikken har og tiltak knytt til digital legemiddelstyring og systematisk monitorering for å sikre berekraft. Klinikken følg tett opp medikamentkostnader per fagområde, kostnadsutviklinga og bruk av prioriteringskriteria, og har høg fokus på innovasjon, digitalisering og samarbeid.

Tiltaka er prega av lav risiko da prosessane er gjennomført, og risikovurderingar viser at pasient-sikkerheiten vert oppretthalden.

Klinikk for prehospitale tenester

Klinikken har ei samla bruttoramme på 670 mnok i 2025, og ei prognose tilnærma i balanse. Klinikken har drifta med ekstra ressurs både i Kristiansund og i Molde etter ibruktaking av SNR, innafor gjeldande ramme. Klinikken har fått eit generelt rammetrekk på 6,9 mnok i 2026. I tillegg må klinikken dekkje heilårseffekt av dei ekstra ressursane etter ibruktaking av SNR innafor ramma.

Klinikken gjennomførte ei rekkje tiltak hausten 2024, noko som har gitt gode resultat i 2025. Tiltaka er knytt til strammare styring av variable lønnskostnader, felles årsplanlegging, vikaropplæring og reduksjon i kurs- og møteverksemd og reiser. I 2025 er det meirkostnader knytt til drift av ambulansestasjonar og innsparing på kostnader for pasientreiser. Innsparingar i pasientreiser er ikkje forventa innanfor ramma til formålet i 2026.

På bakgrunn av prognose for 2025, rammetrekk og andre kjente/forventa endringar for 2026, er det totale utfordringsbildet i klinikken 12,4 mnok.

Ambulansebilberedskapen består av 38 døgnambulansar og 3 dagambulansar fordelt på 30 stasjonar. Klinikken har innarbeidd spesifiserte tiltak knytt til reduksjon av variable lønnskostnader i dei ambulanseseksjonane med størst negativt avvik i 2025. Dette er ikkje tilstrekkeleg, og klinikken foreslår derfor å redusere beredskap tilsvarende 2 døgnambulansar i løpet av 2026. Dette må utgreiast nærare, og ein vil ha som mål å redusere beredskap der det har minst negative konsekvensar. Administrerende direktør kjem attende til styret med ei eiga sak om reduksjon i ambulanseberedskapen.

Klinikken er ellers sårbar for endringar i andre klinikkar som påverkar ambulansetenesta. Dette kan igjen påverke gjeldande arbeidstidsordningar som har ein kombinasjon av aktiv og passiv vakt.

Klinikk for psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling

Klinikken har ei samla bruttoramme på 1304 mnok i 2025, og ei prognose over balanse. Klinikken har fått eit generelt rammetrekk på 30,9 mnok knytt til generell effektivisering og forventa gevinstar SNR.

Klinikken har forbetra drifta mykje frå 2024 til 2025. Dei har jobba målretta med stillingsreduksjonar, omprioriteringar for å kunne ta ned kostnader knytt til fristbrot og samtidig auke aktiviteten, samt omorganisering av sjukehusavdelingane. Krava til å drifte i balanse og reduksjon i ventetider og fristbrot er nådd.

På bakgrunn av prognose for 2025, rammetrekk og andre kjente/forventa endringar for 2026, er det totale utfordringsbildet i klinikken 36 mnok.

Tiltak i klinikken for 2025 omhandlar mogleg reduksjon av døgnkapasitet innan DPS, omlegging av driftsmodellar for ulike tenester, omlegging/samling av aktivitet innan PHBU og generell stram styring og meir fleksibel bruk av ressursar internt i klinikken. Tiltakseffektane vil kome innanfor lønsområdet.

Konsekvensane av tiltaka er at pasientar vil kunne få tenester på andre måtar og på andre stader i fylket. Kvaliteten vil kunne opplevas som redusert. Tilsette må jobbe på andre måter enn i dag, evt. på andre lokasjonar. Enkelte eksisterende fagmiljø vil kunne svekkast. Arbeidsmiljøet i klinikken vil bli

prega av dei prosessane som no skal gjennomførast. Tiltaka vil kunne føre til omdømmetap, rekrutteringsutfordringar og ein utilsikta personalflukt.

Klinikk sjukehuset Nordmøre og Romsdal

Klinikken har ei samla bruttoramme på 1307 mnok i 2025, og ei prognose for negativt avvik på 90 mnok. Klinikken har fått eit generelt rammetrekk på 49,1 mnok knytt til generell effektivisering og forventna gevinstar SNR.

2025 har vært et heilt spesielt og fantastisk år for Klinikk SNR, med ibruktaking av det nye akuttsjukehuset på Hjelset i april. Opplæring, innflytting og ibruktaking har krevd store ressursar, men ut over hausten nærmar ein seg det ein kan kalle «normal drift». Det er høge krav og forventningar til å ta ut gevinstar ved å slå saman to akuttsjukehus til eitt. I 2025 har kostnadene for vikarinneleige vore over 22 mnok, men er gradvis redusert og avvikla i haust. Det er redusert lønskostnader tilsvarande 48 årsverk i tillegg. Heilårseffekten av reduksjon i årsverk som er teken ut i løpet av hausten 2025 er berekna til 47 mnok. Det er realisert gjennom fleire tiltak, mellom anna reduksjon i UTA for legar, reduksjon i variabel løn, endring i turnus og turnusplanar, reduksjon i talet på vaktlag og naturleg avgang som ikkje blir erstatta.

På bakgrunn av prognose for 2025, rammetrekk og andre kjente endringar for 2026, er det totale utfordringsbildet i klinikken 135 mnok.

Klinikken har innarbeidd spesifiserte tiltak for 114,5 mnok, og har pr i dag eit uløyst utfordringsbilde på 20,6 mnok som det vert arbeidd vidare med. Dei tiltaka som ein jobbar vidare med er mellom anna reduksjon i medikamentkostnader, vurdere reduksjon i talet på LIS 1 legar og mindre aktiv tid på vakt for enkelte legegrupper. Klinikken har tiltak innanfor følgjande tiltakskategoriar i budsjettet for 2026, fordelt på 125 tiltak:

Klinikk	1-sifret konto	Antall tiltak	Totalsum tiltak	Uløst utfordring
Klinikk sjukehuset i Nordmøre og Romsdal	Annen driftskostnad, av- og nedskrivning, fortsettelse	54	-4 300 000	
	Salgs- og driftsinntekter	1	-18 000 000	
	Varekostnad	8	-40 700 000	-20 600 000
	Lønnskostnad	62	-72 100 000	
Klinikk sjukehuset i Nordmøre og Romsdal Totalt		125	-135 100 000	-20 600 000

Tiltaka i klinikken for 2025 er hovudsakeleg knytt til reduksjon i lønskostnader innanfor alle stillingskategoriar, og er både heilårseffekt av tiltak i 2025 og nye tiltak. Tiltaka er knytt til gevinstplan for SNR, både når det gjeld reduserte beredskapskostnader og gevinstar knytt til nye driftskonsept. Planlagt sommarstenging i 8 veker for poliklinikkar og dagkirurgi i Kristiansund, og samanslåing av sengepostar på Hjelset, vil bidra til å redusere vikarbehovet i sommardrifta monaleg. Det er lagt til grunn at aktiviteten skal komme tilbake på budsjetttert nivå. Det er og innarbeidd tiltak for å redusere medikamentkostnadane i klinikken.

Risiko

Ingen av tiltaka er pr no ein trussel for pasientsikkerheiten. Klinikken meiner at det er knytt størst risiko til høgt belegg på sengeområda. Pleiefaktor er gått gjennom og justert noko meir ned for å nå budsjettramma.

Pasienttilbodet vil kunne bli endra som følge av tiltaka. Ved å ta ned legestillingar er til dømes færre til å aksjonspoliklinikk og større sansynlegheit for vakanssituasjonar, som igjen går ut over det elektive tilbodet. Å ta ned legeårsverk er og bekymringsfullt med tanke på attraktivitet i rekruttering av nye LIS2/3 legar.

Tilsette og leiarar i klinikken er prega av det kontinuerlige trykket på økonomiske tiltak, i tillegg til opplæring og innflytting. Vi ser ei auke i sjukefråvær som vert følgt tett opp i seksjonane. Totalt sett er ein økonomisk mest bekymra for «inngangsfarta».

Klinikk Volda sjukehus

Klinikken har ei samla bruttoramme på 386 mnok i 2025, og ei prognose for negativt avvik på 34 mnok. Klinikken har fått eit generelt rammetrekk på 5,9 mnok knytt til generell effektivisering.

I 2025 er drifta i klinikken prega av høg aktivitet innan dei fleste fagområda. Kostnadsutviklinga er krevjande med høge lønnskostnader, omfattande vikarbruk og store avvik på varekostnader.

På bakgrunn av prognose for 2025, rammetrekk og andre kjente endringar for 2026, er det totale utfordringsbildet i klinikken 37,6 mnok.

Klinikken har innarbeidd spesifiserte tiltak for 19,7 mnok fordelt på 16 tiltak, og har pr i dag eit uløyst utfordringsbilde på 17,9 mnok som det vert arbeidd vidare med.

Klinikk	1-sifret konto	Antall tiltak	Totalsum tiltak	Uløst utfordring
Klinikk Volda sjukehus	Varekostnad	1	-2 200 000	
	Lønnskostnad	15	-35 400 000	-17 900 000
Klinikk Volda sjukehus Totalt		16	-37 600 000	-17 900 000

Klinikken har sett i gang omfattande arbeid med kapasitets- og sengepoststruktur, inkludert intensivkapasitet. Målet er å redusere behovet for døgnseger gjennom auka bruk av dagbehandling og meir effektiv pasientlogistikk. I tillegg gjennomfører klinikken tiltak knytt til reduksjon i vikarbruk, betre ferieavvikling, bemanningstilpassing der strukturelle prosjekt ikkje har direkte effekt, reduksjon i liggetid og eit omfattande «Kloke val arbeid» med effekt på både aktivitet og varekostnader. Tiltaka har ei samla innsparing på 25 mill. kroner, men berre om lag 20 mill. i budsjettåret 2026.

Den største risikoen er press på sengepost ved høgt belegg. Planlagde endringar kan påverke pasientstraumane og enkelte tilbod, men ikkje det samla tilbodet til pasientane. God samhandling med kommunane er ein føresetnad for å lukkast.

Klinikk Ålesund sjukehus

Klinikken har ei samla bruttoramme på 1394 mnok i 2025, og ei prognose for negativt avvik på 90 mnok. Klinikken har fått eit generelt rammetrekk på 20,8 mnok knytt til generell effektivisering.

I 2025 er drifta i klinikken prega av høg aktivitet innan dei fleste fagområda. Kostnadsutviklinga viser at det er store budsjettavvik både på lønnskostnader og varekostnader.

På bakgrunn av prognose for 2025, rammetrekk og andre kjente endringar for 2026, er det totale utfordringsbildet i klinikken 94,5 mnok.

Klinikken har innarbeidd spesifiserte tiltak for 30,1 mnok, der 26,2 mnok er direkte lønnskostnader. Klinikken har hatt låge kostnader til vikarinnleige sidan 2022. I 2026 reduserast dette ytterlegare. Klinikken har pr i dag eit uløyst utfordringsbilde på 64,4 mnok som det vert arbeidd vidare med.

Klinikk	1-sifret konto	Antall tiltak	Totalsum tiltak	Uløst utfordring
Klinikk Ålesund sjukehus	Annen driftskostnad, av- og nedskrivning, fortsettelse	1	100 000	
	Salgs- og driftsinntekter	1	500 000	
	Varekostnad	9	-9 300 000	-4 000 000
	Foretaksinternt kjøp/salg	1	-600 000	
	Lønnskostnad	39	-85 200 000	-60 400 000
Klinikk Ålesund sjukehus Totalt		51	-94 500 000	-64 400 000

Klinikken endrar sengepoststruktur innan kirurgi. Målet er å redusere døgnsenger gjennom dreining frå døgn til dagopphald og meir effektiv pasientlogistikk. Tiltaket trer i kraft frå 5.1.26 og inneber at ein av tre sengepostar blir gjort om til dageining. Tiltaket inneber reduksjon av døgnsenger.

I tillegg gjennomfører klinikken reduksjon av stillingar, reduksjon av UTA for legar og andre tiltak innanfor lønsområdet. Det er og innarbeidd tiltak for å redusere medikamentkostnadene i klinikken, det same gjeld medisinske forbruksvarer.

Klinikken jobbar vidare med å innarbeide ytterlegare tiltak i budsjettet for 2025. Bland desse er endringar innan vaktordningar, oppfølging av pleiefaktoranebefalingar og ferieavvikling.

Stabseiningane/adm.dir.

Stabseiningane har fått redusert dei økonomiske rammene frå 2025 til 2026 med 10 mnok. Det vert jobba løpande med prioritering av ressursar og reduserte kostnader i stabseiningane, og når det gjeld faste stillingar. Det er innarbeidd spesifiserte tiltak for 10 mnok, herunder reduksjon av fem faste stillingar knytt til naturleg avgang.

HMR er i ein krevjande omstillingsperiode både inneverande år, i 2026 og vidare i langtidsperioden med naudsynt omstilling av drifta og reduksjon av lønskostnader. Desse prosessane krev stabsressursar, og vi må sikre at vi har riktig og tilstrekkeleg kapasitet til å leie desse prosessane. I det vidare omstillingsarbeidet i 2026 og for langtidsperioden vil organisering og dimensjonering av dei samla stabsressursane bli vurdert.

Fellesavdelingane

På fellesavdelingane er det innarbeidd to spesifiserte tiltak; reduksjon av medikamentkostnader knytt til H-reseptar og reduksjon av sentrale, variable IKT-kostnader. Til saman utgjer tiltaka 27 mnok.

PROTOKOLL

